
MØTEBOK
LANDSMØTET I VINJE
13.–15. APRIL 2018

1 OPNING OG KONSTITUERING

Denne saka gjeld:

- 1.1 Godkjenning av innkalling
- 1.2 Fastsetjing av landsmøteføresegner
- 1.3 Val av tillitsombod på landsmøtet
- 1.4 Fastsetjing av sakliste
- 1.5 Fastsetjing av tidsfristar

1.1 GODKJENNING AV INNKALLING

Fyrste innkalling vart sendt ut 13. januar, og innkalling med sakspapir vart sendt ut 13. mars.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet godkjenner innkallinga.

Vedtak:

Landsmøtet vedtok samrøystes innstillinga frå styret.

1,2 FASTSETJING AV LANDSMØTEFØRESEGENE

FRAMLEGG TIL LANDSMØTEFØRESEGNER

Frå 24. juli 1980, med brigde frå 29. juli 1982, 27. juli 1995, 29. juli 1999, 26. april 2002, 28. april 2006, 27. april 2007, 25. april 2008 og 21. april 2013.

§ 1

Straks saklista for landsmøtet er godkjend, kjem styret med framlegg om møteplan der tida ein har til rådvelde, er delt mellom sakene som skal drøftast. Det ligg på styret, særleg på møtestyraren, å prøva å halda tidsplanen.

Styret kjem også med framlegg til fristar for levering av endringsframlegg til saker som er oppe til vedtak. Landsmøtet vedtek slike fristar under konstitueringa.

§ 2

Når landsmøtet er sett, kjem styret med framlegg om fire ordstyrarar eller møtestyrarar, som landsmøtet skal velja. Dessutan:

A Fullmaktsnemnd med ein frå styret eller skrifvarstova og to utsendingar. Representanten frå styret kallar nemnda saman. Nemnda vel sjølv leiar. Fullmaktsnemnda skal sjå til at utsendingane er valde i samsvar med § 5.4 og § 5.6 i lov for Noregs Mållag av lag med utsendingsrett etter denne paragrafen, og at utsendingsfullmaktene er utferda av den som laget har gjeve mynde til dette. Nemnda skal gje landsmøtet melding om arbeidet sitt og tilråding om å godkjenna eller vraka fullmakter.

B Seks møteskrivarar som har ansvaret for at møteboka frå landsmøtet blir rett. Referat frå landsmøtet skal vera ferdig reinskrive frå møteskrivarane si hand og underskrive innan 1. juli.

C Redaksjonsnemnd på fem medlemer med varafolk for andre saker på landsmøtet. Nemnda skal:

- 1) Gå gjennom innkomne framlegg til vedtak og fråsegner.
- 2) Forma framlegg til vedtak og fråsegner etter oppdrag frå landsmøtet.
- 3) Arbeida saman framlegg som går i same lei, helst i samråd med dei som har levert framlegga.
- 4) Levera ei innstilling til landsmøtet der det går fram om nemnda rår landsmøtet til å røysta for eller mot framlegga som er oppe til handsaming.

D Redaksjonsnemnd(er) for andre saker (om naudsynt).

E Røysteteljarar med varafolk.

§ 3 Møtestyrarane deler arbeidet seg imellom. Møtestyraren skal til kvar tid ha ein hjelpar ved styrebordet - så langt råd er, ein av dei valde møtestyrarane. Møtestyrarane skal sjå til at den godkjende møteplanen blir følgd, og skal prøva å fordela tida som er til rådvelde for kvar sak, såleis at alle utsendingar har høve til å leggja fram sitt syn. Ut frå dette skal dei gjera turvande framlegg om nedsett taletid eller strek. Taletida blir fastsett med vanleg fleirtal når ikkje lover eller landsmøteføresegner seier noko anna. Utsendingar kan òg gjera framlegg om avgrensa tid.

§ 4 Møtestyraren kan ikkje vera med i ordskiftet. Vil han vera med i ordskiftet, tek varamøtestyraren over. Møtestyraren kan likevel svara på merknader om møtestyringa.

§ 5 Innlegg til saksførehavinga skal vera stutte, aldri over 1 minutt. Ordskifte om saksførehavinga kan møtestyraren stogga etter 10 minuttar, og skal stogga etter 15 minuttar.

§ 6 Møtestyraren avgjer korleis ein skal be om ordet. Det skal vera høve til føreåt å be om ordet til ei sak eller til einskilde punkt i ei sak.

§ 7 Framlegg skal setjast fram *skriftleg*. Styret skal sjå til at framlegg blir mangfaldige før dei blir tekne opp til avgjerd, så sant det er råd.

§ 8 Møtestyraren eller hjelparen hans fører talemåte. Utanom lista kan landsleiaren eller den han har gjeve mynde til det, og ordskifteinnleiaren få ordet for å svara på spørsmål. Tillitsfolk og tenestefolk skal elles følgja talarlista og fastsett taletid.

§ 9 Taletida er i ordskifta i utgangspunktet 3 minuttar, men kan avgrensast med vanleg fleirtal. Det er høve til å be om replikk. Med det meiner ein ein kort kommentar (maksimum ein minutt) til siste innlegget.

Det er høve til 2 replikkar etter kvart innlegg. Det er høve til svarreplikk. Dersom det trengst, kan replikkretten avgrensast.

Møtestyraren kan, når det er tid til det, med samtykke frå landsmøtet, gjera unntak frå tidsavgrensinga.

§ 10 Dreg eit ordskifte ut, kan møtestyraren eller utsendingar gjera framlegg om å setja strek for talarlista. Før strek blir sett, må dei som vil koma med framlegg, få gjera desse kjende, og alle som har merknader til framlegg, eller som ynskjer å vera med i ordskiftet, få melda seg til talarlista.

§ 11 Med vanleg fleirtal kan landsmøtet vedta å halda prøverøysting.

§ 12 Ein røystar til vanleg med å syna fastsett røystesetel. Vedtak vert fatta ved simpelt fleirtal, med mindre anna går fram av vedtektene.

Når der er fleire enn to framlegg til vedtak, skal det mest radikale framlegget setjast opp mot det nest mest radikale framlegget. Slik held ein fram til ein står att med eit framlegg som kan setjast opp mot framlegget som ligg til grunn for vedtaket.

Ved røystelikskep skal det røystast på ny. Ved røystelikskep for andre gong vil det framlegget som låg til grunn for røystinga, vinna fram. Ved personval, eller der inkje framlegg ligg til grunn, vert spørsmålet avgjort gjennom lutkast.

Ved personval skal alternative framlegg setjast opp mot ein konkret plass i innstillinga. Personval skal avgjerast ved skriftleg røysting dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg, eller nokon krev skriftleg val. Dersom det er fleire enn to kandidatar til eit verv, må den som vert vald, ha minimum halvparten av røystene. Oppnår ingen av kandidatane halvparten av røystene i fyrste valomgang, fell kandidaten med færrest røyster ut. Slik held ein fram til ein av kandidatane har oppnådd simpelt fleirtal i siste valrunde.

§ 13 Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal alle tvilsspørsmål om møtestyring der det ikkje er lovfesta eller vedtektsfesta reglar å følgja.

§ 14 Landsmøtet kan fritt gjera avvik frå desse føresegnene.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek landsmøteføresegner i tråd med framlegget i saksheftet.

DESSE HADDE ORDET I SAKA:

120 Arvid Langeland, Voss Mållag
3 Ingrid Fiskaa, styret

Framlegg frå Arvid Langeland:

Stryk § 2 C-4 frå landsmøteføresegnene.

Vedtak:

Innstillinga frå styret vart vedteken.

1.3 VAL AV TILLITSOMBOD PÅ LANDSMØTET

Styret innstiller overfor landsmøtet å velja desse tillitsomboda:

- 1 fire ordstyrarar
- 2 tre medlemer til fullmaktsnemnd
- 3 seks møteskrivarar
- 4 fem medlemer til redaksjonsnemnd for arbeidsprogram
- 5 fem medlemer til redaksjonsnemnd for fråsegner, økonomi og andre landsmøtesaker
- 6 seks røysteteljarar

Styret føreslår for landsmøtet å velja desse omboda:

Ordstyrarar

Jostein O. Mo

Karl Peder Mork

Reidun Ramse Sørensen

Borghild Løver

Redaksjonsnemnd for arbeidsprogram

Jens Kihl (leiar)

Marit Fjordheim (Vest-Agder)

Erlend Bakke (Hordaland)

Sara Marie Granheim (Valdres)

Åsmund Mikalsen Kvifte (vald av NMU)

Redaksjonsnemnd for fråsegner og andre vedtak

Inger Johanne Sæterbakk (leiar)

Åsmund Ormset (Nordmøre)

Gudrun Kløve Juuhl (Sunnmøre)

Björg Eli Eide (Hordaland)

Svein Soldal Eggerud (vald av NMU)

Fullmaktsnemnd

Gunnar Ottne (leiar)
Solveig Grønlien
Vegard T. Foseide

Møteskrivarar
Kirsti Lunde (leiar)
Synnøve Marie Sætre
Jorunn Simonsen Thingnes
Ingar Arnøy
Olav Helge Øwre
Oddmund Hoel

Røysteteljarar
Gro Morken Endresen
Martin Aarseth
Anne Steinsvik Nordal
Marie Morken
Hans Rasmus Glomsrud
Nils Ulvund

Vedtak:

Landsmøtet vedtok omboda slik dei låg føre i innstillinga frå styret, med unntak av at Martin Aarseth vart vald som røysteteljar i staden for Jon Låte.

1.4 FASTSETJING AV SAKLISTE

Framlegget frå styret var presentert på side 5 og 6 i det utsende saksheftet.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek saklista slik ho ligg føre i saksheftet.

DESSE HADDE ORDET I SAKA:

Til saksføreavinga: 116 Harald Jordal, Odda Mållag
2 Jens Kihl, styret
116 Harald Jordal, Odda mållag

Vedtak:

Landsmøtet vedtok saklista slik ho var sett opp i saksheftet.

1.5 FASTSETJING AV TIDSRISTAR

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Frist for framlegg til fråsegner (nye tema): fredag klokka 11.30

Frist for endringsframlegg til fråsegner som skal handsamast i landsmøtet og til økonomisaker: laurdag klokka 13.00

Frist for endringsframlegg til arbeidsprogrammet: laurdag klokka 13.30

Vedtak:

Landsmøtet vedtok tidsfristar slik dei låg føre i framlegget frå styret.

SAK 2 LEIARTALEN

Leiartalen til Magne Aasbrenn vart delt ut til alle utsendingane og lagd ut på www.nm.no rett etter at talen var avslutta.

DESSE HADDE ORDET:

117 Terje Kollbotn, Odda mållag
115 Knut O. Dale, Odda mållag
88 Wenche H. Havrevoll, Suldal mållag
7 Fredrik Hope, styret
172 Elise Tørring, Norsk Målungdom
181 Gunnhild Skjold, Studentmållaget i Tromsø
182 Ingunn Vespestad Steinsvåg, Ås Studentmållag
136 Gudrun Kløve Juuhl, Volda mållag
46 Knut Vidar Paulsen, Sandefjord og Sandar mållag
167 Svein Soldal Eggerud, Norsk Målungdom
169 Åsmund Mikalsen Kvifte, Norsk Målungdom

129 Oddmund Hoel, Luster mållag
178 Kristofer Olai Ravn Stavseng, Studentmållaget i Oslo
166 Eline Bjørke, Norsk Målungdom
179 Anna Sofie Ekeland Valvatne, Studentmållaget i Oslo
100 Erlend Bakke, Hordaland mållag
120 Arvid Langeland, Voss mållag
171 Eilev Rossehaug, Norsk Målungdom
33 Halvor Tjønn, Bærum mållag

1 Magne Aasbrenn, styret, oppsummerte ordskiftet

SAK 3 NYNORSK JOURNALISTIKK OG VINJE

Innleiingar:

Om Aasmund Olavsson Vinje ved Olav Vesaas

Vilkåra for den motkulturelle journalistikken i dag ved Frøy Gudbrandsen

Det nye Vinje-senteret ved Kristian W. Rantala

DESSE HADDE ORDET:

9 Reidun Ramse Sørensen, Hadeland dialekt- og mållag
179 Anna Sofie Eikeland Valvatne, Norsk Målungdom
20 Oddmund Vestenfor, Buskerud mållag
46 Knut Vidar Paulsen, Sandefjord og Sandar mållag
88 Wenche H. Havrevoll, Suldal mållag
133 Anne Steinsvik Nordal, Sunnmøre Mållag
100 Erlend Bakke, Hordaland mållag
2 Jens Kihl, styret
125 Astrid Olsen, Bergen mållag
32 Håvard Tangen, BUL Oslo
114 Sarifa Moola-Nernæs, Kvam mållag
150 Solveig Eldegard, Nidaros mållag
149 Jørgen Bosoni, Nidaros mållag
42 Sigrid Strånd Goffeng, Ås mållag

Fullmaktsnemnda ved Gunnar Ottne orienterte om innstillinga frå nemnda.

Vedtak:

Alle utsendingar får godkjent fullmaktene og får talerett og røysterett.

Helsing frå Kringkastingsringen ved Kristofer Olai Ravn Stavseng

SAK 4 REKNESKAPAR 2016 OG 2017

Dagleg leiar Gro Morken Endresen la fram rekneskapane.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising, Inga og Gjøa Lutros legat og Kulturlotteriet vert godkjende.

Ingen bad om ordet.

Vedtak:

Landsmøtet godkjende rekneskapane for Noregs Mållag, Fondet for norsk målreising, Inga og Gjøa Lutros legats og Kulturlotteriet.

SAK 5 ÅRSMELDING 2016–2018

Styremedlem Peder Lofnes Hauge la fram melding om styret sitt arbeid i arbeidsbolken.

DESSE HADDE ORDET:

115 Knut O. Dale, Odda mållag
117 Terje Kollbotn, Odda mållag
58 Astrid Myhre, Aust-Agder mållag
137 Jostein O. Mo, Ørsta mållag
100 Erlend Bakke, Hordaland mållag
69 Borghild Løver, Lindesnes ungdomslag
27 Jon Låte, Fylkesmållaget Vikværingen
20 Oddmund Vestenfor, Buskerud mållag
125 Astrid Olsen, Bergen mållag
9 Reidun Ramse Sørensen, Hadeland dialekt- og mållag
126 Karl Peder Mork, Studentmållaget i Oslo
163 Øyvind Rongevær, Mållaget i LO-administrasjonen

PROTOKOLLMERKNAD FRÅ STYRET I ODDA MÅLLAG, LAGD FRAM AV KNUT O. DALE:

I juni 2016 sende sentralleiinga i Noregs Mållag ut eit brev til dei politiske partia. Dette var i framkant av partia sitt arbeid med å utforma program for valkampen til stortingsvalet 2017. I brevet stod det m.a. om sidemålsstilen (sidemålsordninga): "Vurderinga må vera gjennom eigen standpunkt karakter eller obligatorisk eksamen, eller helst baa deler." I dette brevet gjev leiinga i Noregs Mållag i praksis

grønt ljós for å ta bort den obligatoriske sidemålsksamen. Dette brevet vart ikkje trekt tilbake trass i at sentralleiinga straks vart gjort merksam på at brevet braut med målpolitikken til Noregs Mållag. Odda Mållag laut senda eige brev til NM for å få det tilviste brevet fjerna frå heimesida til NM og gjera endringar som var i samsvar med gjeldande landsmøtevedtak om sidemålsstilen frå 2013, 2014 og 2016. Odda Mållag uttrykker med denne merknaden sterkt svekka tillit til Jens Kihl og Gro Morken Endresen som i praksis var ansvarlege for det famøse brevet, og seier seg leie for brevet av juni 2016 enno ikkje er trekt tilbake. Odda Mållag ser det slik at ryk sidemålsstilen raknar det for nynorsk som jamstelt, allment og offisielt skriftspråk i Noreg. Difor er og denne saka så viktig.

PROTOKOLLMERKNAD FRÅ JOSTEIN O. MO, ØRSTA MÅLLAG:

Til årsmeldinga s. 11, øvst i 1. spalta: Nye Ålesund = Ålesund, Skodje, Sandøy, Haram og Ørskog.

PROTOKOLLMERKNAD FRÅ ASTRID OLSEN, BERGEN MÅLLAG:

Nynorsk som fyrstespråk: Det hadde vore fint om NM kunne fylgja opp arbeidet med å få 1. klasseforeldrar til å velja nynorsk i randsonene endå meir. Skal me ha nynorsk i framtida, må me ha fleire som vel nynorsk i heile utdanningsløpet, ikkje færre.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Årsmelding for 2016–2018 vert godkjend.

Vedtak:

Landsmøtet godkjende årsmeldinga for 2016–2018 samrøystes.

SAK 6 ØKONOMISAKER

Dagleg leiar Gro Morken Endresen la fram økonomisakene.

Denne saka inneheld fem vedtakspunkt:

- 6.1 Frikjøp av leiar/styremedlemer for 2020–2022
- 6.2 Årspengar for 2020 og 2021
- 6.3 Budsjett for 2019 og 2020
 - 6.3.1 Framlegg frå Hordaland Mållag til budsjett
 - 6.3.2 Framlegg frå Hjelmeland Mållag og Stavanger Mållag til budsjett

6.1 FRIKJØP AV LEIAR/STYREMEDLEMER FOR 2020–2022

DESSE HADDE ORDET:

130 Maria Sture, Jølster mållag

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Til frikjøp av styreleiar i landsmøteperioden 2020–2022 vert det sett av lønsmidlar i inntil full stilling i lønnssteg 60–75 i statsregulativet. Til frikjøp av andre styremedlemer vert det sett av lønsmidlar i inntil 20 % stilling. Frikjøp skal skje ut frå eiga løn med eit tak tilsvarande det for styreleiaren.

Vedtak (sundag):

Innstillinga frå styret vart vedteken mot éi røyst.

6.2 ÅRSPENGAR FOR 2020 OG 2021

DESSE HADDE ORDET:

93 Hans T. Liestøl, Haugesund Mål- og Ungdomslag
125 Astrid Olsen, Bergen Mållag

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Årspengane for 2020 og 2021 blir sette til 300 kroner i ordinær sentralsats. Tilrådd fylkessats er 30 kroner og tilrådd lokallagssats er 40 kroner.

Vedtak (sundag):

Innstillinga frå styret vart samrøystes vedteken.

6.3 BUDSJETT FOR 2019 OG 2020

Presentasjoner ved dagleg leiar Gro Morken Endresen, Einar Schibeavaag, Rogaland Mållag og Bjørg Eli Eide, Hordaland Mållag.

DESSE HADDE ORDET:

177 Karl Peder Mork, Studentmållaget i Oslo
85 Einar Schibeavaag, Stavanger mållag
178 Kristofer R. O. Stavseng, Studentmållaget i Oslo
100 Erlend Bakke, Hordaland Mållag
002 Jens Kihl, Styret
134 Magnar Storøy, Sunnmøre Mållag
001, Magne Aasbrenn, Styret
085, Einar Schibeavaag, Stavanger Mållag
139, Berit Bjørlo, Sykkylven Mållag
77. Randi L. Frestad, Lista Mållag
Gro Morken Endresen, Skrivarstova

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet godkjenner budsjetta for 2019 og 2020 som er lagde fram med årsresultat på -79' kr og -252' kr.

Framlegg frå Studentmållaget i Oslo:

Studentmållaget i Oslo fremjar heilskaplege framlegg til endringar til budsjett 2019 og 2020. Endringane går på følgjande postar (alle er på utlogesida):

<i>2019</i>	<i>2020</i>	
<i>-10</i>	<i>-</i>	<i>Materiell</i>
<i>-50</i>	<i>-50</i>	<i>Drift</i>
<i>-</i>	<i>-30</i>	<i>Landsmøte</i>
<i>-10</i>	<i>-10</i>	<i>Seminar</i>
<i>-10</i>	<i>-20</i>	<i>Styret/landsråd</i>
<i>-5</i>	<i>-20</i>	<i>Andre møte</i>
<i>+100</i>	<i>+150</i>	<i>NMU driftstilskot</i>
<i>-15</i>	<i>-20</i>	<i>Stafetten</i>

6.3.1 FRAMLEGG FRÅ HORDALAND MÅLLAG:

Framlegg til vedtak frå Hordaland:

LM i NM vedtek å fullfinansiera stillinga som HM har, der Live Havro Bjørnstad er tilsett.

TIL SAKSFØREHAVINGA:

79 Arne Kleppa, Rogaland Mållag

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet prioriterer å halda oppe talet på årsverk ein i dag har på skivarstova, og aukar ikkje lønsbudsjettet til også å omfatta ei stilling i Hordaland.

DESSE HADDE ORDET:

101 Bjørg Eli Eide, Hordaland mållag
66 Marit Fjordheim, Vest-Agder mållag
73, Solveig Lima, Mållaget i Kristiansand
125 Astrid Olsen, Bergen Mållag

6.3.2 FRAMLEGG FRÅ HJELMELAND MÅLLAG OG STAVANGER MÅLLAG

Det vert lagt til grunn at aktuelle endringar vert gjeldande frå og med 2018.

Framlegg til vedtak frå Hjelmeland og Stavanger:

Landsmøtet bed styret i NM om å greia ut og setja i verk tiltak for å oppnå intensjonane slik dei er formulerte nedanfor [i den innsende grunngjevinga].

[Nytt] framlegg frå Arne Kleppa, Rogaland Mållag:

Landsmøtet ber styret om å oppnemna eit utval for å vurdere og greia ut ulike løysingar gjeldande fordelinga av medlemspengane mellom dei tre organisasjonsledda i Noregs mållag.

Det vert lagt til grunn at styret gir utvalet spesifisert mandat med bakgrunn i intensjonane slik dei kjem til uttrykk i framlegget frå Hjelmeland og Stavanger mållag, som og har fått samrøystes tilslutnad på årsmøtet i Rogaland mållag.

Utvalet sine vurderingar og konklusjonar vert gitt vanleg organisasjonsmessig handsaming med slutthandsaming og vedtak på neste landsmøte.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet ser ikkje at det er rom for å overføra store delar av driftsbudsjettet til fylkeslaga ut over det som ligg i budsjettrammene som er lagde fram for landsmøtet. Landsmøtet sluttar seg ikkje til dette framlegget.

DESSE HADDE ORDET:

79 Arne Kleppa, Rogaland mållag
145 Nils Ulvund, Sunndal mållag
101 Bjørg Eli Eide, Hordaland mållag
Til saksførehavinga: 120 Arvid Langeland, Voss mållag
1, Magne Aasbrenn, styret
178 Kristofer R. O. Stavseng, Studentmållaget i Oslo
79 Arne Kleppa, Rogaland mållag
178 Kristofer R. O. Stavseng, Studentmållaget i Oslo
146 Vidar Lund, Trønderlaget
46 Knut Vidar Paulsen, Sandefjord og Sandar mållag

Vedtak:

Landsmøtet vedtek budsjett for 2019 og 2020 slik det vart lagt fram frå styret, med endringsframlegga frå Studentmållaget i Oslo. Dei andre framlegga fall.

SAK 7 FRÅSEGNER

Det låg føre seks fråsegner då saksheftet gjekk i trykken.

- 1 Ei ny opplæringslov må sikre nynorskelevane. *(Fremja av styret)*
- 2 Mållaget krev digitale læringsverktøy på nynorsk. *(Fremja av styret)*
- 3 Slepp nynorsken til i Dagbladet. *(Fremja av styret)*
- 4 Mållaget krev meir nynorsk i nye kommunar og fylke. *(Fremja av styret)*
- 5 Vern av norsk språk i Noreg. *(Fremja av Bærum Mållag)*
- 6 Gjeld Innst. 68 S (2016-2017): Språkdelte ungdomsskular. *(Fremja av Odda Mållag)*

Det kom inn fem fråsegner før fristen 11.30 fredag.

7 **Nynorsk i lærarutdanninga** (*Fremja av Bergen Mållag*)

8 **Fråsegn** (*Fremja av Senjamållaget*)

9 **Fråsegn** (*Fremja av Knut Vidar Paulsen*)

10 **Stortinget må ta styringa over fylkesnamna** (*Fremja av styret*)

11 **Staten bryt mållova** (*Fremja av Mållaget i Kristiansand, Lindesnes Ungdomslag, Søgne Mållag, Vegårshei Mållag, Vest-Agder Mållag, Gjerstad Mållag, Lista Mållag, Marnar Mållag, Bygland Mållag, Aust-Agder Mållag, Evje og Hornnes Mållag, Landvik Mållag Austegdelaget Bykle Mållag*)

Leiar i fråsegnnemnda orienterte om dei innkomne fråsegnene.

Landsmøtet tok stilling til om fråsegn 7–11 skulle gå til vidare førehaving på landsmøtet:

FRÅSEGN 7, NYNORSK I LÆRARUTDANNINGA, FRÅ BERGEN MÅLLAG

Vedtak:

Fråsegna blir med vidare.

FRÅSEGN 8, FRÅ SENJAMÅLLET

DESSE HADDE ORDET:

120 Arvid Langeland, Voss mållag

165 Steinar Nymo, Senjamållaget

Vedtak:

Fråsegna blir ikkje realitetshandsama.

FRÅSEGN 9, FRÅ KNUT VIDAR PAULSEN

DESSE HADDE ORDET:

46 Knut Vidar Paulsen, Sandefjord og Sandar mållag

Vedtak:

Fråsegna blir ikkje realitetshandsama.

FRÅSEGN 10, STORTINGET MÅ TA STYRING OVER FYLKESNAMNA, FRÅ STYRET

Vedtak:

Fråsegna blir med vidare.

FRÅSEGN 11, STATEN BRYT MÅLLOVA, FRÅ MÅLLAGET I KRISTIANSAND, LINDESNES UNGDOMSLAG, SØGNE MÅLLAG, VEGÅRSHEI MÅLLAG, VEST-AGDER MÅLLAG, GJERSTAD MÅLLAG, LISTA MÅLLAG, MARNAR MÅLLAG, BYGLAND MÅLLAG, AUST-AGDER MÅLLAG, EVJE OG HORNNES MÅLLAG, LANDVIK MÅLLAG
AUSTEGDELAGET BYKLE MÅLLAG

Vedtak:

Fråsegna blir med vidare.

LAURDAG

Inger Johanne Sæterbakk orienterte frå fråsegnsmemnda.

FRÅSEGN NR. 1: NY OPPLÆRINGSLOV.

Inger Vederhus, styret, orienterte om framlegget og trekte styret sitt framlegg til fordel for det heilskaplege endringsframlegget frå Studentmållaget i Oslo.

Karl Peder Mork, Studentmållaget i Oslo, orienterte om framlegget frå laget (som følgjer under).

EI NY OPPLÆRINGSLOV MÅ SIKRE NYNORSKELEVANE

Eit utval utnemnt av regjeringa arbeider med ein NOU (Noregs offentlege utgreiingar) om opplæringslova og skal levere utgreiinga si i desember 2019. Etter det skal ei ny opplæringslov arbeidast fram.

Noregs Mållag har tre hovudkrav til den nye lova:

Dei språklege rettane må vidareførast og styrkjast

Dagens rett til å sikre opplæringa i både nynorsk og bokmål må halde fram. Det er viktig å sikre tidleg start med sidemål og ei sidemålsordning gjennom ungdomsskulen og studieførebuande vidaregåande opplæring, som har eigen standpunktkarakter og avsluttande eksamen i vgs. Språkvedtak i kommunen er ein viktig føremon for kva språk som vert undervist i skulen. Dette skal også styre språkvalet i norskopplæringa i vaksenopplæringa.

Staten må ta ansvar for at desse rettane vert oppfylte
Læremiddel er nasjonale, ikkje kommunale. Det kan ikkje vere berre skuleeigar sitt ansvar at elevane får nynorske læremiddel. Staten må sikre at læremiddel kjem på båe språk til same tid og pris. I dag er det alt for mange kommunar som ikkje tek på alvor kravet om at dei læremidla som vert nytta i skulen, skal vere på nynorsk. Dette gjeld særleg nye digitale læremiddel, der utvalet på nynorsk er dårleg. Staten må syte for ei godkjeningsordning for læremiddel som gjer at skulane enkelt kan skaffe seg oversyn over kva som ligg føre på både bokmål og nynorsk. Dette gjeld både trykte og digitale læremiddel, og må også gjelde læremiddel i norskopplæringa for vaksne innvandrarakar.

Retten til språkdelte klassar ut heile grunnskulen
Stortinget vedtok i 2016 å utgreie saka om Odda-modellen, men saka er enno ikkje lagt fram for Stortinget. Heller ikkje Utdanningsdirektoratet har gjort ferdig si handsaming. Noregs Mållag meiner at saka er eitt år på overtid, og krev at Regjeringa legg saka fram for vedtak i laupet av 2018. Det bør vere ein rett å gå i nynorskklasser i alle nynorskkommunar og i dei store byane. Kravet for å ha rett på parallellklasse må senkast til ti elevar. Eit slikt krav vil hindre unødvendig utarming av nynorskklassane.

Noregs Mållag krev at:

- Dei språklege rettane til nynorskelevane vidareførast og styrkjast i den nye Opplæringslova.
- Staten ta større ansvar for å sikre at desse rettane blir oppfylte.
- Elevane skal ha rett på språkdelte klassar ut heile grunnskulen (Odda-modellen).

Vedtak:

Landsmøtet legg fråsegna frå Studentmållaget i Oslo til grunn for vidare handsaming.

FRÅSEGN NR. 2: MÅLLAGET KREV DIGITALE LÆREMIDDEL PÅ NYNORSK

Peder Hauge, styret, orienterte om framlegget frå styret.

Anne Sofie Ekeland Valvatne, Studentmållaget i Oslo, orienterte om framlegget frå Studentmållaget i Oslo (som følgjer under).

2 MÅLLAGET KREV DIGITALE LÆRINGSVERKTØY PÅ NYNORSK

Ei av hovudoppgåvene skulen har, er å gjera elevane til trygge språkbrukarar. Det er viktig at elevane møter språket sitt heile tida, særleg i den fyrste lese- og skriveopplæringa. Det er difor rimeleg å venta at nynorskelevane møter like mykje nynorsk i den digitale skulekvardagen som dei gjer i den analoge. Det tradisjonelle læreverket er i ferd med å bli erstatta av eit mangfald av digitale læringsressursar og oppslagsverk. Fleire av desse digitale læringsressursane kjem til å erstatta dei tradisjonelle lærebøkene i skulen.

Det utdaterte skiljet mellom læreverk og tilleggsressursar må opphevast. Difor må også digitale tilleggsressursar bli omfatta av prinsippa i Opplæringslova. Det står i forskrift til Opplæringslova kapittel 17 at også digitale læreverk skal koma på den målforma eleven ynskjer. Det er ingen grunn

til at dette ikkje skal gjelda digitale læringsressursar. Sjølv om det er pedagogiske og økonomiske føremoner med dei nye verktøya, er det få produsentar som har teke seg bryet med å laga nynorske utgåver av desse nye ressursane. Resultatet er at elevar med nynorsk som hovudmål, møter bokmål langt oftare enn tidlegare. Det strir med gjeldande pedagogiske retningsliner.

Noregs Mållag krev at:

- Prinsippa for språk i alle læremiddel må vidareførast i den nye Opplæringslova. Alle læreverkøy som er til bruk i skulen skal koma i nynorsk- og bokmålsutgåve.
- Digitale læremiddel skal koma på nynorsk til same tid og pris som dei gjer på bokmål.
- Stortinget må utvida dagens støtteordningar for å sikra nynorskutgåver av dei digitale læremidla som i dag ikkje finst på nynorsk.

DESSE HADDE ORDET:

Til saksførehavinga: 174 Fredrik Heimsæter, Studentmållaget i Bergen

Vedtak:

Fråsegna frå Studentmållaget i Oslo vert lagt til grunn for vidare handsaming, med 83 mot 74 røyster.

FRÅSEGN NR. 10: STORTINGET MÅ TA STYRINGA OVER FYLKESNAMNA

Jens Kihl, styret, orienterte om fråsegna.

Styret trekte sitt fyrste framlegg til fråsegn til fordel for framlegg frå Oddmund Hoel, Luster Mållag. Framlegget følgjer under.

10 STORTINGET MÅ TA STYRINGA OVER FYLKESNAMNA

Noregs Mållag krev at saka om nye fylkesnamn blir send på høyring før Stortinget gjer vedtak, og at det blir lagt stor vekt på namnefaglege råd i valet av nye fylkesnamn.

Regjeringa kom 6. april med framlegg til nye fylkesnamn, og saka ligg no i Stortinget. I strid med namnefaglege råd og trass i stor folkeleg motstand har regjeringa gått inn for namna «Vestland», «Innlandet» og «Viken». Noregs Mållag reagerer sterkt både på desse framlegga og på sakshandsaminga. Regjeringa har brote utgreiingsinstruksen ved ikkje å senda saka på høyring, og regjeringa har heller ikkje høyrte på sitt eige sakkunnige organ i namnesaker, Språkrådet. Dette føyer seg inn i ei rekkje av saker der regjeringa har sett vekk frå råda til Språkrådet, som i fleire kommunenamn og OsloMet. Heller ikkje dei nye fylka har hatt forsvarlege faglege prosessar før vedtaka om nye fylkesnamn. Tvert om er namnevala resultat av politiske kompromiss, med «Vestland» som det verste dømet.

Då dagens fylkesnamn vart vedtekne i 1918, var det resultat av eit større fagleg utgreiingsarbeid, ein omfattande høyringsrunde og ein grundig politisk prosess. Det er ei gåte for Noregs Mållag at styresmaktene ikkje har prioritert dette i 2018.

Valet av fylkesnamn har store konsekvensar. Namna er ikkje berre namn på fylkeskommunar, men er inndelingsnamn som går inn i allmenn språkbruk og som kan bli ståande i fleire hundre år. Landsmøtet i Noregs Mållag meiner difor det er særst viktig at Stortinget no tek styringa over prosessen og syter for ei forsvarleg saksførehaving.

TIL SAKSFØREHAVINGA:

Etterlysing frå Marie N. Berger, Studentmållaget i Nidaros, om fråsegn nummer 5: Studentmållaget i Tromsø sitt heilskapelege endringsframlegg må også delast ut, slik det vart gjort med andre heilskapelege framlegg.

FRÅSEGN NR. 3: SLEPP NYNORSKEN TIL I DAGBLADET

Inger Johanne Sæterbakk, styret, orienterte om fråsegna.

FRÅSEGN NR. 4: LANDMØTET I NOREGS MÅLLAG KREV MEIR NYNORSK I NYE KOMMUNAR OG FYLKE

Fredrik Hope, styret, orienterte om fråsegna.

FRÅSEGN NR. 6

Terje Kollbotn, Odda mållag, orienterte om nytt framlegg til fråsegn.

FRÅSEGN NR. 7: NYNORSK I LÆRARUTDANNINGA

Astrid Olsen, Bergen mållag, orienterte om fråsegna.

FRÅSEGN NR. 11: STATEN BRYT MÅLLOVA

Tobbi Kvaale, Mållaget i Kristiansand, orienterte om fråsegna.

FRÅSEGN NR. 5: VERN AV NORSK SPRÅK I NOREG

Halvor Tjønn, Bærum Mållag, orienterte om fråsegna.

Marie Berger, Studentmållaget i Tromsø, orienterte om laget sitt heilskapelege endringsframlegg.

TIL SAKSFØREHAVINGA:

75 Halldis Hove , Marnar Mållag
6 Inger Johanne Sæterbakk, styret
33 Halvor Tjønn, Bærum mållag

Framlegg til vedtak frå fråsegnemnda:

Fråsegna frå Studentmållaget i Tromsø vert lagt til grunn for vidare handsaming.

DESSE HADDE ORDET:

33 Halvor Tjønn, Bærum Mållag

Vedtak:

Fråsegna frå Studentmållaget i Tromsø vert lagt til grunn for vidare handsaming.

DESSE HADDE ORDET I FRÅSEGNSORDSKIFTET:

136 Gudrun Kløve Juuhl, Volda Mållag
172 Elise Tørring, Norsk Målungdom
181 Gunnhild Skjold, Studentmållaget i Tromsø
5 Inger Vederhus, styret
88 Wenche H. Havrevoll, Suldal Mållag
144 Jon Ingvald Håbrekke, Fosa Mållag
7 Fredrik Hope, styret
 117 Terje Kollbotn, Odda mållag
 7 Fredrik Hope, styret
132 Knut Falk, Sunnmøre mållag
28 Harald Støren, Fylkesmållaget Vikværingen
 7 Fredrik Hope, styret
40 Ellen Toft, Oslo mållag
174 Fredrik Heimsæter, Studentmållaget i Bergen
83 Else Berit Hattland, Klepp Mållag
4 Peder Lofnes Hauge, styret

SUNDAG

Inger Johanne Sæterbakk, styret, la fram innstillingane frå fråsegnemnda.

DESSE HADDE ORDET:

172 Elise Tørring, Norsk Målungdom

6 Inger Johanne Sæterbakk, styret
172 Elise Tørring, Norsk Målungdom
174 Fredrik Heimsæter, Studentmållaget i Bergen
6 Inger Johanne Sæterbakk, styret
33 Halvor Tjønn, Bærum Mållag
6 Inger Johanne Sæterbakk, styret
28 Harald Støren, Fylkesmållaget Vikværingen
179 Anna Sofie Eikeland Valvatne, Studentmållaget i Oslo
116 Harald Jordal, Odda Mållag
178 Kristofer Olai Ravn Stavseng, Studentmållaget i Oslo
116 Harald Jordal, Odda Mållag
6 Inger Johanne Sæterbakk, styret
117 Terje Kollbotn, Odda mållag
7 Fredrik Hope, styret
180 Marie N. Berger, Studentmållaget i Tromsø
72 Tobbi Kvaale, Mållaget i Kristiansand
174 Fredrik Heimsæter, Studentmållaget i Bergen

UTNEMNING AV HEIDERSMEDLEM

Magne Aasbrenn utnemnde Olaf Almenningen til heidersmedlem i Noregs Mållag.

TIL SAKSFØREHAVINGA:

174 Fredrik Heimsæter
180 Marie N. Berger
33 Halvor Tjønn
2 Jens Kihl
45 Hæge Roholdt Brunvatne
75 Haldis Hove, Marnar Mållag

Sjå vedlegg for vedtak på endringsframlegg: "Vedlegg 4 vedtak av endringsframlegg fråsegner"

FRÅSEGN 1

Vedtak:

Landsmøtet vedtok fråsegna med dei endringsframlegga som går fram av vedlegget til møteboka.

FRÅSEGN 2

Vedtak:

Landsmøtet vedtok fråsegna med dei endringsframlegga som går fram av vedlegget til møteboka.

FRÅSEGN 3

Vedtak:

Landsmøtet vedtok fråsegna slik ho låg føre.

FRÅSEGN 4

Vedtak:

Landsmøtet vedtok fråsegna slik ho låg føre.

FRÅSEGN 5

Vedtak:

Landsmøtet vedtok fråsegna med dei endringsframlegga som går fram av vedlegget til møteboka.

FRÅSEGN 6

Vedtak:

Fråsegna vart ikkje vedteken.

FRÅSEGN 7

Vedtak:

Landsmøtet vedtok fråsegna med dei endringsframlegga som går fram av vedlegget til møteboka.

FRÅSEGN 8

Vedtak:

Landsmøtet vedtok fråsegna med dei endringsframlegga som går fram av vedlegget til møteboka.

FRÅSEGN 10

Vedtak:

Landsmøtet vedtok fråsegna med dei endringsframlegga som går fram av vedlegget til møteboka.

FRÅSEGN 11

Vedtak:

Landsmøtet vedtok fråsegna med dei endringsframlegga som går fram av vedlegget til møteboka.

SAK 8 TRYGGE MØTEPLASSAR I NOREGS MÅLLAG

Styremedlem Ingrid Fiskaa la fram saka på vegner av styret.

Hausten og vinteren har vore prega av fleire saker som syner at det er trakassering også i det frivillige organisasjonslivet. Noregs Mållag har ikkje tidlegare vedteke eit dokument om trygge møteplassar og mot trakassering. Styret meiner det er nyttig å drøfte og vedta dette dokumentet som ein del av eit førebyggjande arbeid i organisasjonen.

Trygge møteplassar i Noregs Mållag

Noregs Mållag sentralt, og alle våre ulike lokale mållag, skal vere ein god stad å engasjere seg. Noregs Mållag skal vere ein trygg organisasjon. Norsk Målungdom deltek vanlegvis på tilskipingar i Mållaget, og vi har eit særleg ansvar for dei unge deltakarane. Alle tillitsvalde, aktive og tilsette har ansvar for å oppføre seg skikkeleg mot kvarandre og møte kvarandre med respekt.

Mot seksuell trakassering

Det skal ikkje vere seksuell trakassering i Noregs Mållag. I likestillingslova vert seksuell trakassering definert som uønskt seksuell merksemd som er plagsam for den som merksemda rår. Det er altså korleis handlinga vert opplevd som avgjer om det er snakk om seksuell trakassering, ikkje intensjonen eller handlinga i seg sjølv.

Varsel om kritikkverdig åtferd

Det skal vere så enkelt som råd å varsle. Eit varsel kan innehalde mange typar bekymringar, alt frå underslag, grenseoverskridande åtferd, seksuell trakassering eller andre overgrep. Varsel skal meldast til næraste leiar i lokallaget eller fylkeslaget, og/eller til dagleg leiar i Noregs Mållag. Lagsleiar som tek mot varsel skal alltid varsle dagleg leiar så snart som råd.

Dersom du som leiar eller dagleg leiar tek imot eit varsel, har du ansvar for å undersøkje, så godt som råd er, innhaldet i varselet. Lagsleiar tek kontakt med dagleg leiar og saman vert de samde om kva som skal gjerast. Ut frå innhaldet i varselet tek dagleg leiar saka vidare. Det er viktig å ta omsyn til den svake parten i saka, i tillegg til å sørgje for å få fram og avklare alle sider og syn frå dei involverte i varselet.

Handsaminga av varselet skal så langt som råd skriftfestast. Uansett utfall av varselet skal dagleg leiar loggføre saka, slik at ho ligg i arkivet. Reaksjonsmåte må avgjerast ut frå kor alvorleg hendinga er. Det kan vere ein samtale der den aktuelle leiaren eller dagleg leiar gjer det klart kva som er akseptabel åtferd i Mållaget, og krav om å be om orsaking eller andre reparerande tiltak. Det kan vere informasjon om saka til aktuell valnemnd og tiltak som krev styrevedtak om utestenging frå fellesarena i organisasjonen som landsmøte og konferansar. Noregs Mållag har ikkje eksklusjonsparagraf. Hendingar som er i strid med norsk lov, vert melde til politiet.

Nokre konkrete tiltak i høve tilskipingar:

1. **Ansvarleg leiing.** På alle tilskipingar i Noregs Mållag skal det vere edru ansvarlege personar knytte til leiinga og som har eit særleg ansvar for å følgje opp unge medlemmer og medlemmer i Norsk Målungdom. Alle skal få informasjon om telefonnummer til desse ansvarlege.
2. **Kjønnsdelte formøte.** I høve større tilskipingar som landsmøte og konferansar skal sentrallekken jamleg leggje til rette for kjønnsdelte formøte både for kvinner og menn.
3. **Rusfrie alternativ.** Det sosiale fellesskapet er viktig i Mållaget. Det er viktig å invitere til tilskipingar utan alkoholbruk, og å ha eit medvite forhold til alkoholbruken på mållagstilskipingar der alkohol er ein del av opplegget. Til vanleg betaler ikkje Noregs Mållag alkohol for tillitsvalde og tilsette.

Trengst det meir detaljerte reglar, eller er det tvil i enkeltsaker, vert det lagt fram for styret i Noregs Mållag til vedtak.

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek retningslinjer for trygge møteplassar slik dei vart lagde fram for landsmøtet.

DESSE HADDE ORDET:

20 Oddmund Vestenfor, Buskerud mållag

179 Anna Sofie Ekeland Valvatne, Studentmållaget i Oslo

88 Wenche Havrevoll, Suldal mållag

130 Maria Sture, Jølster mållag

66 Marit Fjordheim, Vest-Agder mållag

170 Frida Pernille Mikkelsen, Norsk Målungdom

144 Jon Ingvald Håbrekke, Fosna mållag

93 Hans T. Liestøl, Haugesund mål- og ungdomslag

133 Anne Steinsvik Nordal, Sunnmøre mållag

157 Per Thorvald Larsen, Østfold mållag

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek retningslinjer for trygge møteplassar i Noregs Mållag slik dei ligg føre i sakspapira.

Endringsframlegg frå Frida Pernille Mikkelsen - VEDTEKE:

På slutten av avsnitt to, under Varsel om kritikkverdig åtferd

Legge til setning:

Leiar og dagleg leiar skal få skulering i korleis ta i mot og undersøkje innhald i varsel.

Endringsframlegg frå Harald Jordal – VEDTEKE:

1. Ansvarleg leiing, fyrste setning

Endre til:

På alle tilskipingar i Noregs Mållag skal det vere rusfrie ansvarlege personar.

Endringsframlegg frå Maria Sture – IKKJE VEDTEKE:

2 Kjønnsdelte formøte

Stryk «Kjønnsdelte» i overskrift og i teksten, og stryk «både for kvinner og menn» i teksten.

Endringsframlegg frå Berit Bjørlo – VEDTEKE:

3. Rusfrie alternativ

Endre setning nr. 2 til:

Det er viktig å invitere til tilskipingar utan alkoholbruk, og ha eit medvite forhold til alkoholbruken på mållagstilskipingar der ein kan kjøpa alkohol.

Endringsframlegg frå Eilev Rossehaug og Hans Torbjørn Liestøl – VEDTEKE:

3. Rusfrie alternativ

Endre siste setning til:

«Noregs Mållag betaler ikkje alkohol for tillitsvalde og tilsette.»

Vedtak:

Landsmøtet vedtok retningslinjene med dei endringane som vart vedtekne i handsaminga.

SAK 9 HOVUDTALEN: UTFORDRINGAR FOR NYNORSK I SKULEN

Kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner heldt hovudtalen på landsmøtet.

DESSE HADDE ORDET:

83 Else Berit Hattaland, Klepp Mållag
1 Magne Aasbrenn, styret
136 Gudrun Kløve Juuhl, Volda Mållag
7 Fredrik Hope, styret
162 Olav Helge Øwre, Noregs Lærarmållag
172 Elise Tørring, Norsk Målungdom
114 Sarifa Moola-Nernæs, Kvam Mållag

Jan Tore Sanner hadde ordet til slutt.

Nestleiar i Noregs Mållag, Jens Kihl la fram arbeidsprogrammet.

11 UNGDOMENS TALE

Innleiing ved Fredrik Hope, leiar i Norsk Målungdom og styremedlem i Noregs Mållag

Desse to talane var saman utgangspunktet for ordskifte om arbeidsprogrammet for Noregs Mållag den neste fireårsperioden.

DESSE HADDE ORDET:

Til saksføreavinga: 120 Arvid Langeland, Voss

165 Steinar Nymo, Senjamållaget
163 Øyvind Rongevær, Mållaget i LO-administrasjonen
115 Knut O. Dale, Odda Mållag
113 Turid Bang, Kvam Mållag
125 Astrid Olsen, Bergen Mållag
85 Einar Schibevaag, Stavanger Mållag
112 Kristian Bringedal, Kvinnherad Mållag
107 Øystein Skjæveland, Hordaland Mållag
79 Arne Kleppa, Rogaland Mållag
88 Wenche Haugen Havrevoll, Suldal Mållag
152 Magne Leon Heide, Troms og Finnmark Mållag
136 Gudrun Kløve Juuhl, Volda Mållag
18 Marianne Granheim Trøyflat, Vestre Slidre Mållag
144 Jon Ingvald Håbrekke, Fosna Mållag
145 Nils Ulvund, Sunndal Mållag
1 Magne Aasbrenn, styret
74 Ronny Rognhaugen, Mållaget i Kristiansand
 181 Gunnhild Skjold, Studentmållaget i Tromsø
58 Astrid Myhre, Aust-Agder Mållag
180 Marie N. Berger, Studentmållaget i Tromsø
181 Gunnhild Skjold, Studentmållaget i Tromsø
177 Karl Peder Mork, Studentmållaget i Oslo
176 Hans Rasmus Glomsrud, Studentmållaget i Oslo
179 Anna Sofie Valvatne, Studentmållaget i Oslo
182 Ingunn Vespestad Steinsvåg, Ås Studentmållag
166 Eline Bjørke, Norsk Målungdom
174 Fredrik V. Heimsæter, Studentmållaget i Oslo
178 Kristofer Olai Ravn Stavseng, Studentmållaget i Oslo
167 Svein Soldal Eggerud, Norsk Målungdom
172 Elise Tørring, Norsk Målungdom
7 Fredrik Hope, styret

100 Erlend Bakke, Hordaland Mållag
157 Per Thorvald Larsen, Østfold Mållag
101 Bjørg Eli Eide, Hordaland Mållag
129 Oddmund Hoel, Luster Mållag
121 Marie Morken, Meland Mållag
117 Terje Kollbotn, Odda Mållag
120 Arvid Langeland, Voss Mållag
132 Knut Falk, Sunnmøre Mållag
133 Anne Steinsvik Nordal, Sunnmøre Mållag
Til saksførehavinga: 177 Karl Peder Mork, Studentmållaget i Oslo
64 Andrea Maini, Vegårdshei Mållag
175 Ragnhild Kvifte, Studentmållaget i Bergen
169 Åsmund Kvifte, Norsk Målungdom
150 Solveig Eldegard, Nidaros Mållag
149 Jørgen Bosoni, Nidaros Mållag
32 Håvard Tangen, BUL Oslo
42 Sigrid Strånd Goffeng, Ås Mållag
40 Ellen Hellebostad Toft, Oslo Mållag
90 Anne-Ma Eidhammer, Karmsund Mållag
170 Frida Pernille Mikkelsen, Norsk Målungdom
28 Harald Støren, Fylkesmållaget Vikværingen
36 Birgitta Lim Ersland, Oslo Mållag
201 Liv Marit Idsø, Naumdøla Mållag
2 Jens Kihl, styret

SUNDAG

Jens Kihl la fram innstillinga frå redaksjonsnemnda.

DESSE HADDE ORDET TIL SAKSFØREHAVINGA:

178 Kristofer Olai Ravn Stavseng, Studentmållaget i Oslo
2 Jens Kihl, styret
172 Elise Tørring, Norsk Målungdom
2 Jens Kihl, styret
120 Arvid Langeland, Voss mållag
163 Øyvind Rongevær, Mållaget i LO-administrasjonen
2 Jens Kihl, styret
170 Frida Pernille Mikkelsen, Norsk Målungdom
48 Sigbjørn Hjelmbrække, Telemark mållag
77 Randi Lohndal Frestad, Lista mållag
2 Jens Kihl, styret
167 Svein Soldal Eggerud, Norsk Målungdom
180 Marie Nystuen Berger, Studentmållaget i Tromsø
107 Øystein Skjæveland, Hordaland mållag
125 Astrid Olsen, Bergen Mållag
178 Kristofer Olai Ravn Stavseng, Studentmållaget i Oslo
2 Jens Kihl, styret
178 Kristofer Olai Ravn Stavseng, Studentmållaget i Oslo

151 Jakob Bjerkem, Mållaget Sparbyggjen
177 Karl Peder Mork, Studentmållaget i Oslo
120 Arvid Langeland, Voss Mållag
149 Jørgen Bosoni, Nidaros Mållag
46 Knut Vidar Paulsen, Sandefjord og Sandar Mållag

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vedtek arbeidsprogram for 2018–2022.

Sjå eige vedlegg for vedtak på endringsframlegga: “Vedlegg 5 vedtak endringsframlegg arbeidsprogram”

Vedtak:

Landsmøtet vedtok arbeidsprogram for 2018–2022 med dei vedtekne endringane.

PRESENTASJON AV KAMPANJE OM DIGITALE LÆREMIDDEL

Styremedlem Inger Johanne Sæterbakk presenterte kampanjen.

12 INNKOMNE FRAMLEGG

Utdrag frå paragraf 5.3:

Når lokallag og fylkeslag (ved styre eller medlemsmøte) sender inn grunnleggende framlegg (lovbrigde, fråsegner og andre saker), og dei er styret i hende seinast to månader før fyrste landsmøtedagen, har styret plikt til å føra sakene opp på saklista, men det er landsmøtet som fastset saklista endeleg. Landsmøtet kan stryke saker frå saklista med vanleg fleirtal. Landsmøtet avgjer med vanleg fleirtal om det vil ha føre fråsegner som kjem inn etter fristen.

Det var sendt inn tre framlegg. To av framlegga galdt budsjettet, og dei vart presenterte under sak 6 Økonomisaker.

12.1 FRAMLEGG FRÅ ULLENSVANG MÅLLAG

Arvid Langeland innleidde om framlegget frå Ullensvang mållag. Innlegg frå styret i Noregs Mållag v/Ingrid Fiskaa

Framlegg til vedtak frå Ullensvang mållag:

«Noregs Mållag bed Kulturdepartementet om at norma i Nynorsk ordliste av Arvid Langeland vert fastsett som offisiell nynorsknorm.»

DESSE HADDE ORDET:

156 Kjetil Aasen, Østfold Mållag
130 Maria Sture, Jølster Mållag
28 Harald Støren, Fylkesmållaget Vikværingen
123 Erlend Trones, Ullensvang Mållag
69 Borghild Løver, Lindesnes ungdomslag
120 Arvid Langeland, Voss Mållag
33 Halvor Tjønn, Bærum Mållag
100 Erlend Bakke, Hordaland Mållag
1 Magne Aasbrenn, styret
149 Jørgen Bosoni, Nidaros Mållag
125 Astrid Olsen, Bergen Mållag
152 Magne Leon Heide, Troms og Finnmark mållag
88 Wenche Havrevoll, Suldal mållag
66 Marit Fjordheim, Vest-Agder mållag
58 Astrid Myhre, Aust-Agder mållag
120 Arvid Langeland, Voss Mållag
157 Per Thorvald Larsen, Østfold mållag

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Nynorsknorma har som eiga sak eller som fråsegn vore oppe på landsmøta i Noregs Mållag i 1999, 2000, 2002, 2003, 2006, 2008, 2011 og 2012. Storverket Norsk Ordbok var ferdigstilt våren 2016 og inneheld innsamla materiale frå heile landet, totalt over 300 000 ord. Den gjeldande normeringa vart innført 1. august 2012. Landsmøtet ynskjer stabilitet i normeringa og tek ikkje nynorsknorma opp att til ny handsaming no.

Framlegg frå Kjetil Aasen, tillegg til styreframlegget:

Landsmøtet vil likevel understreka at Noregs Mållag er og skal vera ein samskipnad med rom for ulike syn på normeringa av nynorsken. Nynorsken er meir enn den offisielle rettskrivinga, men utgangspunktet for Noregs Mållag er at den gjeldande rettskrivinga ligg fast.

Vedtak:

Nynorsknorma har som eiga sak eller som fråsegn vore oppe på landsmøta i Noregs Mållag i 1999, 2000, 2002, 2003, 2006, 2008, 2011 og 2012. Storverket Norsk Ordbok var ferdigstilt våren 2016 og inneheld innsamla materiale frå heile landet, totalt over 300 000 ord. Den gjeldande normeringa vart innført 1. august 2012. Landsmøtet ynskjer stabilitet i normeringa og tek ikkje nynorsknorma opp att til ny handsaming no. Landsmøtet vil likevel understreka at Noregs Mållag er og skal vera ein samskipnad med rom for ulike syn på normeringa av nynorsken. Nynorsken er meir enn den offisielle rettskrivinga, men utgangspunktet for Noregs Mållag er at den gjeldande rettskrivinga ligg fast.

Helsingstale ved Odd Ivar Øvregård, Landssamanslutninga av nynorskkommunar

13 PARALLELE SEMINAR

Landsmøteutsendingane kunne velja mellom tre parallelle seminar søndag morgon.

A EIN NY STRATEGI FOR MÅLRØRSLA. LÆRDOMMAR FRÅ SAMERØRSLA VED JON TØDAL

B OM NYNORSK JOURNALISTIKK I DAG VED ØYSTEIN SKJÆVELAND

C DEN DIGITALE SKULEN OG NYNORSKEN VED MARIT AAKRE TENNØ OG KIARTAN HELLEVE

14 VAL

Valnemndsleiar Steinulf Tungesvik innleidde til val av styre. Leiar Magne Aasbrenn la fram innstillinga på ny valnemnd for 2018–2020 og revisor for 2018 og 2019.

Denne saka har tre vedtakspunkt:

- 14.1 Val av styre
- 14.2 Val av valnemnd
- 14.3 Val av revisor

14.1 VAL AV STYRE

Innstilling frå valnemnda til styre for 2018–2020:

leiar	Magne Aasbrenn	attval
nestleiar	Jens Kihl	attval
styremedlem	Inger Johanne Sæterbakk	attval
styremedlem	Peder Lofnes Hauge	attval
styremedlem	Mariann Schjeide	ny
styremedlem	Helen Urdland Karlsen	ny
styremedlem	xx	blir vald av NMU på deira landsmøte
1. vara	Marianne Granheim Trøyflat	ny
2. vara	Anders Riise	ny
3. vara	Birgitta Lim Ersland	attval
4. vara	Øyvind Fenne	attval

Vedtak:

Kandidatane vart valde slik det låg føre i innstillinga frå valnemnda.

14.2 VAL AV VALNEMND

Framlegg frå styret til ny valnemnd for 2018 til 2020:

Kirsti Lunde, leiar (ny)
 Marit Krogsæter (attval)
 Sigbjørn Hjelmbrække (attval)
 Helen Johannesen (ny)

Vara:

1 Pål Julius Skogholt (ny)
 2 Else Berit Hattaland (ny)
 3 Peder Sjo Slettebø (ny)

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vel Kirsti Lunde til leiar for valnemnda, med Marit Krogsæter, Sigbjørn Hjelmbrække og Helen Johannesen som faste medlemer. Varafolk er i nummerert rekkjefølgje Pål Julius Skogholt, Else Berit Hattaland og Peder Sjo Slettebø.

Vedtak:

Kandidatane vart valde slik det låg føre i innstillinga frå styret.

14.3 VAL AV REVISOR

Styret rår landsmøtet til å gjera slikt vedtak:

Landsmøtet vel Vekst revisjon til revisor for rekneskapsåra 2018 og 2019.

Vedtak:

Landsmøtet vel Vekst revisjon til revisor for rekneskapsåra 2018 og 2019.

Magne Aasbrenn

Gode landsmøtedelegatar i Noregs Mållag, og gode alle saman som har funne vegen hit til Åmot i Vinje nå på tampen av den store snøvinteren 2018! Det er stor stas for meg å få ønske dykk velkommen til det største landsmøtet i Noregs Mållag på 30 år, og det er ei ære å få tale til ei så stor og gåverik forsamling.

Når vi nå er samla i Vinje kommune, kjem det først og fremst av at 2018 òg er året for eit stort jubileum. Aasmund Olavsson Vinje, som voks opp på den vesle garden Plassen nokre kilometer herifrå, er 200 år i år. Eg snakkar om han i presens, for det skriftspråket han sette ut i livet, er framleis levande og bidrar kvar dag til å halde norsk språk og kultur oppe. Det er skriftspråket til dei som snakkar vestnorsk, trøndersk, nordnorsk, sørnorsk, austnorsk eller oslomål – ja, til og med østfoldmål. Vinje var den første som tok landsmålet i bruk på alvor som praktisk skriftleg daglegspråk. Utan arbeidet og motet Aasmund Olavsson viste, hadde landsmålet lett kunne enda som eit stasspråk dokumentert i Aasens store arbeid og best til bruk i lyrikk.

Spranget som måtte gjerast for å gjere folkemålet til eit allment skriftmål, blei godt uttrykt i Peer Gynt av Vinjes klassekamerat frå Heltbergs studentfabrikk, Henrik Ibsen: «Ja, tenke det, ønske det, ja ville det med – men gjøre det? Nej, det skjønner jeg ikke.»

Aasmund Olavsson Vinje var mannen som ikkje berre tenkte det. Han gjorde det. Det store ordboksarbeidet til Aasen ville vore dautt om ikkje nokon tok landsmålet i bruk i kvardagen – til å skrive om politikk, moderne oppfinningar, russefeiring – ja, kva som helst.

Aasmund Olavsson tok det spranget og satsa økonomi og prestisje på å starte avis – den første nynorskavisa, ja den første avisa på *norsk*: Dølen. Motstandarane hans meinte at å skrive om akademiske spørsmål og religion på dølamål, var å vanhelge det heilage. Da sa Vinje at «bogsproget» var fattig og abstrakt samanlikna med folkets eiga røyst. Og så demonstrerte han det i praksis med det han skreiv.

I 1858 begynte bladet Dølen å komme ut. Det var tre år før Ivar Aasen sjølv hadde skrive eit einaste brev på landsmål. Dølen var starten på ei utvikling som gjorde at landsmålet breidde om seg i det offentlege Noreg. Ti år etter at den første Dølen blei prenta, skjedde stiftinga av ein annan institusjon vi feirar i 2018, Det norske Samlaget. Det var ei tid da målreising prega heile Europa: på Island, i Finland, blant flamlendarar og folk i Provence. Elias Blix frå Salten skreiv salmar på landsmål. I 1874 heldt Niels Juel frå Kvinnherad det første innlegget på landsmål i Stortinget. Den 12. mai 1885 kom jamstillingsvedtaket. Sånn lét det: «Regjeringen anmodes om at træffe fornøden Forføining til, at det norske Folkesprog som Skole- og officielt Sprog sidestilles med vort almindelige Skrift- og Bogsprog.» Vedtatt 78 mot 31. Partifordeling stort sett Venstre mot Høgre. Altså begge parti som er i regjering nå. I 1892 kom reglar som opna for å ta i bruk landsmålet i skule og kyrkje.

I 1906 blei så som kjent dei norske mållaga samla i éin organisasjon, og det er den som startar sitt landsmøte nummer 100 i dag.

Noregs Mållag stod frå første stund for tankar og idear som var i vekst. Sidemålsstilen blei vedtatt året etter. Talet på skulekrinsar og kommunar med landsmål auka stort. Trønderane tok imot språket som i mellomtida hadde fått namnet nynorsk, og ved slutten av 1930-talet hadde kvar tredje skuleelev i landet nynorsk som hovudmål.

I «Ferdaminne» har Vinje ei skildring av korleis den store elva Glomma går i lange krokar ved Kongsvinger, hindra av sandbankar. Men etter det Vinje skriv, så er det slik at den store elva «sløgt og umerkjelegt» undergrev desse sandbankane som hindrar elva i å renne fritt. Det vatnet der kjem til å ta beinvegen fram før nokon veit av det.

Før krigen såg det ut til at det var like før den norske målreisinga fossa fram gjennom

sandbankane slik at folkemålet blei det dominerande skriftmålet i landet.

Etter 2 verdskrig såg plutselig stoda annleis ut.

I studieheftet vi har gitt ut i samband med vedtaket om nytt arbeidsprogram for Noregs Mållag, Målreising 2017, lanserer Oddmund Hoel omgrep som både er nyttige om ein vil forstå språkstriden i dag, og om ein vil forstå den norske språkutviklinga etter krigen. Han snakkar om den vesle og den store språkpolitikken. Den *vesle* språkpolitikken er lovgiving og andre stimuleringsordningar som tar målretta sikte på å verne nynorskbrukarane, slik at til dømes nynorske skulelevar får nynorske lærebøker på skulen. Den *store* språkpolitikken er alle dei andre endringane som får språkpolitiske effektar enten det er meininga eller ikkje: det gjeld fylkes- og kommunepolitikk, teknologiutvikling og svære demografiske endringar som urbanisering, sentralisering.

I etterkrigstida kom ofte nynorsken i vanry hos dei som forlét primærnæringane og flytta til byar og tettstader. Folk søkte til Oslo og det sentrale austlandet, og slik Prøysen skildrar det blant anna i Trost i taklampa, var det mange som opplevde det som ei frigjering å legge dei tronge bygdesamfunna bak seg. Samtidig plasserte dei seg sjølv i ei språkleg tvangstrøye der det fine bymålet var det einaste dei torde å bruke. Så må eg få legge til at dette gjaldt langt ifrå alle som flytta til by'n. Bondeungdomslaga er gode eksempel på det motsette. NRK blei ein bastion for nynorsk, men den bastionen fekk oppleve motstanden mot nynorsk hos dei som gjerne ville bli ein del av den nye, urbane og moderne byborgarklassen og helst så fort som mogleg ville fjerne «det bondske» dei var skamfulle over å ha i kleda.

Arbeidarpartipolitikken med å føre målformene saman møtte motstand i form av lærebokaksjonar. I 1956 vedtok gymnasiesamfunnet i heimbyen min Fredrikstad å brenne bøker fordi dei hadde slike ord som «mjøl» og «fjøl» i seg. Riksmålsforbundet ved André Bjerke heia på dei og sa at bokbålaksjonen i Fredrikstad var årets gledeligste begivenhet på sprogfronten. «Våre motstandere har respekt for den direkte aksjon,» skreiv Bjerke. «De er redde for to ting: rettsaker og fyrstikker.» I 1957 var nynorskprosenten i skulen nede på 23, og talet på nynorskelevar var så vidt over 100.000.

På 1970-talet blei stemninga i store ungdomsgrupper meir for dialekt og nynorsk.. Da nådde den radikale bølga frå Paris-oppgeret i 1968 fram til Noreg. Å ta makta lokalt blei viktig, dialektar blei vakre og moderne, ja til og med skjegg blei vakkert og moderne. Ideala frå det såkalla 68'ar-opprøret og radikaliseringa av ein heil ungdomsgenerasjon som følgde med dei, fekk positiv verknad på språkutviklinga. Tal dialekt – skriv nynorsk.

Men same kor mykje desse ungdomsgruppene drømde om eit liv på Karlsøy i Troms, så gjekk urbaniseringa sin gang, transportmidla blei raskare, alle fekk bil, og ungdommen flytte stadig frå bygda. Nokre av dei etablerte seg rett nok i bygdebyane – men alt i alt var det noko tyngdelov-aktig over utviklinga over i ei jappetid da også amerikaniseringa auka på og TV ikkje berre var NRK, men eit mylder av kanalar.

I neste runde kom internettrevolusjonen, der rolla til dei tradisjonelle massemedia blei redusert slik at kvart og eitt menneske nå kan gå omkring og vere sin eigen kringkastingsjef. Etablerte maktstrukturar både i samfunn og media blir løyste opp. Internasjonaliseringa skaut fart rundt år 2000. Landegrenser blei sett på som mindre og mindre viktige, og nasjonal patriotisme var ikkje stort meir enn noko som gjorde det gøy å følge med på OL og VM.

For Noregs Mållag betydde denne utviklinga i den store politikken at målstriden blei tyngre. Det kunne kjennast som om nynorsken var midt i eit langsamt tap. I 2010 heldt medlemstalet i Noregs Mållag (som hadde vore oppunder 20.000 på 70-talet) - på å bikke under 10.000-talet. Heldigvis var dei nynorske sikringstiltaka i styringsverket heile tida på plass.

Sidemålskarakter stod fast, rett nok nå som trekkfag til vidaregåande-eksamen, og mållova gjaldt ennå, sjølv om dei gode ideala frå stortingsmeldinga Mål og Meining i 2007 såg ut til å bli med det. Gode ideal.

Mange i denne salen vil hugse merkeåret 2012. I januar kom det eit utspel frå utdanningsminister Kristin Halvorsen om at sidemålet burde få mindre plass i skulen. Først verka utspelet som ei ulykke, men så viste det seg at det var òg ei velsigning. Det førte til ei enorm mobilisering og verving til Noregs Mållag. Gruppeleiaren i bergensavdelinga av Halvorsens eige parti, Oddny Miljeteig, byrja sin eigen vervekampanje på mobil og Facebook. Mange andre bidrog også stort. Fleire av oss her i denne salen var på landsmøtet til Noregs Mållag i Oslo i 2012. Da var Kristin Halvorsen gjestetalar, og ho sa at det var fare for at nynorsk blei borte om ti til tjue år. Nå i 2018 har snart halve tida gått, og det ser mørkt ut – for spådommen til Halvorsen. På landsmøtet i 2012 var det 137 utsendingar, og nå har det vakse til 180 i år. Medan Noregs Mållag hadde 11495 medlemmer ved nyttår 2012, så hadde vi nesten 2000 fleire ved nyttår 2018. I tida etter 2012 har vi fått ei eiga utgåve av grunnlova på nynorsk. Den gamle bokmålsbastionen Bergen har fått ein satsingsplan for nynorsk. Blant anna. Så om dette tyder at nynorsken er i ferd med å bli borte, så vil vi ha meir av det! Fylkes- og kommunereforma landet blei kasta ut i, gav oss enda eit eksempel på at når posisjonen til nynorsken blir utfordra, så ligg det ein opinion latent som lar seg engasjere til forsvarskamp. Da det såg ut til at det nye storfylket på Vestlandet skulle få nøytral språkform hausten 2016, førte høyringsprosessen til eit overveldande røystetal for nynorsken og ein tilsvarande medlemsauke for Noregs Mållag.

Fylkes- og kommune-samanslåingsprosessane er gode eksempel på at den store politikken kan prege den vesle språkpolitikken, men dei er òg eksempel på at omgjeringsar på det «store» planet, kan opne opp for betre ordningar om målrørsla er vaktsam og følger med på det som skjer.

Ja, til og med den store samfunnsutviklinga vi ser rundt oss på verdsplan, treng ikkje nødvendigvis berre vere til skade for nynorsken og dialektane. I ei globalisert verd er det lettare for folk å sjå verdien av å ta vare på eigen kultur. Dei nye kommunikasjonsmedia opnar også opp for mykje meir skrivning på nynorsk. Fridomen den enkelte har til å uttrykke og påverke, er større. Vi er skriftas folk – det vil seie den nynorske skrifta – og *skrift* finn ein overalt i det digitale samfunnet. Tenk igjen på kor viktig sosiale medium blei i medlemsvervinga i 2012, og kor viktig sosiale medium er for å nå fram til og å verve medlemmer nå.

I den nye tida med straumdrag som handlar om å ta vare på nasjonalt særpreg, er det òg all grunn til å vere glade for den tradisjonen vi står i, nemleg den frå Hans Nielsen Hauge, Wergeland, Aasen, Garborg som handlar om eit jambyrdig samfunn, eit samfunn som tar imot gjester og ser på alle som like mykje verd. I den samanhengen er eg glad for det eg gjorde i går, nemleg å besøke Vest Telemark-muslimske trdomssamfunn her i Åmot og hjelpe til med å få opp ein plakat der om islam på nynorsk. Det illustrerer at nynorsken er eit skriftspråk for *alle* i dette landet, uavhengig av religion og meiningar elles.

Nynorsken er eit skriftspråk som er tufta på rettferd. Den store idéen til Ivar Aasen da han var 23 år, var å forme eit skriftspråk som representerte alle dialektbrukarar i dette landet. Vi har ei lov, Lov om målbruk i offentleg teneste, som passar på at brukarane av nynorsk og bokmål har møtt rettferdige tilhøve gjennom dei 35 åra denne lova har eksistert. I paragraf 1 står det der at bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstilte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune. Så kjem det fleire andre paragrafar der denne jamstillinga blir moderert noko. Like fullt står prinsippet fast. Til dømes gjer det prinsippet at høgskular og universitet skal nytte minst 25 % av kvart språk i det dei skriv til samfunnet.

Da status blei gjort opp på vårparten i fjor, viste det seg at ikkje ein einaste høgskule eller universitet hadde oppfylt krava i lova. Det merkelege var at ingen av desse institusjonane blei straffa for dette lovbrøtet, ingen ansvarleg direktør måtte gå frå stillinga si, ikkje ei einaste bot

blei skriven ut. Sanksjonen var berre eit irettesettande brev frå Språkrådet.

For den som ser Noreg frå utsida, er det ei underleg sak at offentlege institusjonar år etter år berre kan bryte ei lov i eit land, og spesielt rart at til og med skular kan gjere det, utan eigentlege konsekvensar.

MEN: I ei verd der alle kommuniserer med alle, så kan store haldningsendringar også skje fortare enn nokon trudde var mogleg. Det opplevde vi sist haust når det gjaldt eit heilt anna tema enn språk. I kommunikasjonssamfunnet er det grunn til å tru at også haldninga hos mange når det gjeld nynorsken, kan snu fortare enn nokon skulle tru. Oppfatninga av at det «berre er sånn» at nynorskparagrafane i den norske mållova eigentleg er til å le av og aldri kjem til å bli tatt på alvor, bør det vere mogleg å snu snøgt og effektivt om vi berre hjelper folk flest til å bli medvitne om korleis desse lovbrota blir opplevde av oss som skriv nynorsk. La meg få ha den trua at når folk i dette landet faktisk skjønner kva som går føre seg, så er det ikkje greitt lenger!

I opplæringslova og forskrifta til den står det at alle læremiddel som er i bruk i skulen, skal ligge føre på både bokmål og nynorsk for elevane, inkludert digitale læremiddel. Her har det dei siste åra òg verka som om det har vore greitt berre å gløyme at lov og forskrift finst. Noregs Mållag har fått laga ein rapport som viser at barneskulane fløymer over med digitale læremiddel på bokmål, samtidig som kommunane prøver å komme unna kravet om nynorsk med å hevde at programvara dei brukar, ikkje er læremiddel. Her er det fire punkt vi må få gjennomførte:

1. Kunnskapsdepartementet må sørge for at det kjem ein infrastruktur på plass som sikrar at dei digitale læremidla passerer ein nynorsktest før dei blir installerte og tekne i bruk
2. Kunnskapsdepartementet må sørge for at det ikkje er opp til kvar enkelt lærar eller skuleeigar å avgjere kva som er eit læremiddel
3. Utdanningsdirektoratet må gi læremiddelprodusentane både krav og økonomisk støtte som gjer at læremidla faktisk blir produserte på nynorsk òg.
4. Kunnskapsdepartementet må forskriftsfeste at nynorskversjonane skal vere fullgode og lette for elevane å bruke (for eksempel at dei kan innstillast på brukaren, sånn at du ikkje aktivt må velje nynorsk kvar gong du skal bruke iPad-en.)

Dette er heilt vesentlege endringar som må bli gjennomførte raskt! Noregs Mållag set i gang ein kampanje om digitale hjelpemiddel denne helga, og det byrjar med at vi informerer kunnskapsminister Jan Tore Sanner om situasjonen - her i denne salen om åtte timar!

Så veit vi at i denne stortingsperioden, så er det sannsynleg at vi får ei ny språklov i dette landet. Da blir det Noregs Mållags oppgåve å følgje opp ei regjering som heldigvis har starta arbeidet med denne erklæringa frå Jeløya i Østfold: «Regjeringen vil sikre gode bruks- og opplæringsvilkår for de offisielle språkene i Norge og de to likestilte målformene i norsk.»

Dette er forpliktande ord som vi får håpe kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner følger opp når han kjem hit i ettermiddag!

«Gode bruks- og opplæringsvilkår for de offisielle språkene» heiter det altså frå Jeløya. Da er det naturleg at bruks- og opplæringsvilkåra for nynorsken blir sett på spesielt. Fordi nynorsken er det minst brukte skriftspråket, er det nemleg ikkje så enkelt at situasjonen for nynorskbrukarane berre er ein spegelvend versjon av situasjonen til bokmålsbrukarane. Sjølv om nynorsken er eit robust språk sett i verdssamanheng, utgjer nynorskbrukarane eit mindretal i dette landet, og for at mindretalet skal oppleve rettferd, så må Noreg ha eit lovsystem som tar omsyn til dette styrkeforholdet. Det gjeld på alle felt, frå fylkespolitikk til læreplanutforming. Nynorskelevar og bokmålslevar har ein ulik situasjon når dei skal lære hovudmålet sitt. Den eine parten møter språket sitt overalt, heile tida, mens den andre parten må oppsøke skriftspråket sitt om ho eller han vil sjå det i bruk. Det er to ulike opplærings situasjonar, og derfor må det nye lovverket ta omsyn til det. I denne samanhengen

må vi lære av tiltaka samfunnet ser på som heilt nødvendige for å slå ring om samisk. Eli Bjørhusdal har sett opp to nyttige prinsipp for å skildre det målrørsla skal arbeide med framover. Målungsdomsleiar Fredrik Hope brukar dei klokt i ein artikkel i Norsk Tidend. Det er *jamstillingsprinsippet* og *språksikringsprinsippet*. Nynorskskrivarar som bur i kjerneområde og randsoner, vil sjå på språksikring som det heilt vesentlege. Nynorsken må ikkje bli svekt der han alt finst, og da kan enkle jamstillingsargument andsynes bokmålet berre føre til at bokmålet slepp meir til. Jamstillingsprinsippet er på den andre sida viktig for dei som skriv nynorsk i dei store områda der bokmålet er totalt dominerande «på gateplan».

Lett er det ikkje å foreine desse to prinsippa, men bakvend nok er det kanskje lettare i praksis enn i teorien. Når riksavisa Klassekampen med hovudkontor i Oslo rett som det er har framsida tapetsert med nynorsk og samtidig går fram i opplagstal, styrker det argumentasjonen til foreldra i Stryn som seier til ungdommane sine at dei skal halde på nynorsken ut vidaregåande, for du kan bruke nynorsk over heile landet. At Sogn og Fjordane finst, der nynorsken er eit stykke «fakta på bakken» er veldig viktig å vise til for austlendingar som gjerne vil skrive nynorsk, trass i at omgivnadene der ofte ikkje skjønner at folk vil innrette seg så upraktisk i livet.

Kipling sa at aust er aust og vest er vest, og aldri vil dei to møtast, men i språkpolitikken til Noregs Mållag er det faktisk mogleg! Prov på det er det møtet mellom aust og vest som eg ser framfor meg i denne salen denne morgonen!

Det må stillast store krav til styresmakter og politikarar både når det gjeld den store og den vesle språkpolitikken. Det må bli sanksjonar når ikkje norsk lov blir følgt!

Men det at styresmaktene – dei som lagar lover og er forventa å følgje lovene - sit med dei viktigaste korta, tar ikkje bort ansvaret og verdien av innsatsen den enkelte nynorskbrukar og mållagsmedlem kan bidra med. Alle framgangane målrørsla har opplevd sidan nynorsken skulle begynne å *kverve* i 2012, viser det. Blant dykk som sit her i dag er det *så* mange som har vist at nett den personlege innsatsen, «ljoset me hev innvertes» er viktig. Takk!

Nå byrjar eit landsmøte, men på søndag ettermiddag er det slutt. Da står vi igjen med eit nytt arbeidsprogram. Og det heiter ikkje «arbeidsprogram» for ingenting! Mykje blir moro – men det blir også sveitte møte og vanskelege telefonar. Men tenk tilbake på Aasmund Olavsson her frå Vinje igjen. Tenk på utgangspunktet HAN hadde. *Ingen* hadde brukt det nye landsmålet som daglegspråk før han sette i gang. For eit pågangsmot han viste da han skreiv til redaktøren i Drammens Tidende og sa opp jobben for å gi ut landsmålsblad!

Da *Vinje* skreiv, meinte dei danna i samfunnet at landsmålet øydela *kulturen*.

Når *vi* i *denne salen* skriv, er det i eit land der nynorskkunnskap blir sett på som eit teikn på kultur og høg danning, og nynorskteateret er det best besøkte teateret i den norske hovudstaden.

Da *han Aasmund* ville trykke Dølen i 1868, sa trykkeriet til slutt nei, og han Aasmund måtte leite etter eit anna trykkeri.

Når *vi* vil skrive noko i 2018, kan vi skrive det på nynorsk og få det spreidd over heile landet og verda gratis og digitalt.

Vinjes motstandar var Bjørnstjerne Bjørnson – Noregs mest respekterte forfattar den gongen som nekta å handhelse på landsmålsfolk og sa at aldri vil Kristiania seie sleikje for slikke.

Nå er Noregs mest respekterte forfattar Jon Fosse som sit i Slottsparken med kongen som nærmaste nabo og skriv tradisjonell nynorsk!

Så kva grunn har VI til å klage og seie at denne striden er for tung og at *detta blir ille vanskeleg*? Samanlikna med dei oddsa Aasmund Olavsson hadde mot seg i det halslause, stormannsgale prosjektet *han* sette i gang, har vi LETT MATCH. Vi er rett og slett på Heimebane... Motstanden målrørsla står overfor i dag, er kort og godt tre divisjonar under den Vinje møte!

Eg snakka i stad om at Vinje skreiv om den store elva Glomma som var stogga av sandbankar. I Ferdaminne står det ei skildring av korleis elva ved Kongsvinger, utan at det er synleg, undergrev sandbankane, og så tar ho brått «beinvegen sin fyrr nokon visste av det». Dette minner om ein song vi kjenner godt og vel:

*Flaumen går,
i Noreg er vår,
og dølan' er det som rår.*

Der eg kjem frå brukar vi å seie «det årnær sæ» - her trur eg det er grunn til å vere noko meir presis: Noregs Mållag – altså alle mållaga i Noreg – i samarbeid med gode politikarar og framsynte personar land og strand rundt – veit at vi stort sett må ordne dette sjølv – om vi er dølar, egder, bergenserar, romsdalingar, trønderar, nordlendingar, vagværingar eller vikkværingar. Godt møte til oss alle og ei god framtid for dei norske dialektane og nynorsken!

VEDLEGG 2 VEDTEKNE FRÅSEGNER

1 EI NY OPPLÆRINGSLOV MÅ SIKRE NYNORSKELEVANE

Eit utval utnemnt av regjeringa arbeider med ein NOU (Noregs offentlege utgreiingar) om opplæringslova og skal levere utgreiinga si i desember 2019. Etter det skal ei ny opplæringslov arbeidast fram.

Noregs Mållag har tre hovudkrav til den nye lova:

Dei språklege rettane må vidareførast og styrkjast

Dagens rett til å sikre opplæringa i både nynorsk og bokmål må halde fram. Det er viktig å sikre tidleg start med sidemål og ei sidemålsordning gjennom ungdomsskulen og studieførebuande vidaregåande opplæring, som har eigen standpunkt karakter og avsluttande eksamen i vidaregåande skule. Språkvedtak i kommunen er ein viktig føremon for kva språk som vert undervist i skulen. Dette skal også styre språkvalet i norskopplæringa i vaksenopplæringa.

Staten må ta ansvar for at desse rettane vert oppfylte

Læremiddel er nasjonale, ikkje kommunale. Det kan ikkje vere berre skuleeigar sitt ansvar at elevane får nynorske læremiddel. Staten må sikre at læremiddel kjem på båe språk til same tid og pris. I dag er det alt for mange kommunar som ikkje tek på alvor kravet om at dei læremidla som vert nytta i skulen, skal vere på nynorsk. Dette gjeld særleg nye digitale læremiddel, der utvalet på nynorsk er dårleg. Staten må syte for ei godkjenningsordning for læremiddel som gjer at skulane enkelt kan skaffe seg oversyn over kva som ligg føre på både bokmål og nynorsk. Dette gjeld både trykte og digitale læremiddel, og må også gjelde læremiddel i norskopplæringa for vaksne innvandrarar.

Retten til språkdelt klassar ut heile grunnskulen

Stortinget vedtok i 2016 å utgreie saka om Odda-modellen, men saka er enno ikkje lagt fram for Stortinget. Heller ikkje Utdanningsdirektoratet har gjort ferdig si handsaming. Noregs Mållag meiner at saka er eitt år på overtid, og krev at Regjeringa legg saka fram for vedtak i laupet av 2018.

Det bør vere ein rett å gå i nynorskklasser i alle nynorskkommunar og i dei store byane. Kravet frå 2003 om at det skal vere minst ti elevar att med det opphavlege hovudmålet, bør innførast igjen. Eit slikt krav vil hindre unødvendig utarming av nynorskklassane.

Noregs Mållag krev at:

- dei språklege rettane til nynorskelevane vert vidareførte og styrkte i den nye opplæringslova
- staten tek større ansvar for å sikre at desse rettane vert oppfylte
- elevane skal ha rett på språkdelt klassar ut heile grunnskulen (Odda-modellen)

2 STORTINGET MÅ TA STYRINGA OVER FYLKESNAMNA

Noregs Mållag krev at saka om nye fylkesnamn blir send på høyring før Stortinget gjer vedtak, og at det blir lagt stor vekt på namnefaglege råd i valet av nye fylkesnamn.

Regjeringa kom 6. april med framlegg til nye fylkesnamn, og saka ligg no i Stortinget. I strid med namnefaglege råd og trass i stor folkeleg motstand har regjeringa gått inn for namna «Vestland», «Innlandet» og «Viken». Noregs Mållag reagerer sterkt både på desse framlegga og på sakshandsaminga. Regjeringa har brote utgreiingsinstruksen ved ikkje å senda saka på høyring, og regjeringa har heller ikkje høyrte på sitt eige sakkunnige organ i namnesaker, Språkrådet. Dette føyer seg inn i ei rekkje av saker der regjeringa har sett vekk frå råda til Språkrådet, som i fleire kommunenamn og OsloMet. Heller ikkje dei nye fylka har hatt forsvarlege faglege prosessar før vedtaka om nye fylkesnamn. Tvert om er namnevala resultat av politiske kompromiss, med «Vestland» som det verste dømet.

Då dagens fylkesnamn vart vedtekne i 1918, var det resultat av eit større fagleg utgreiingsarbeid, ein omfattande høyringsrunde og ein grundig politisk prosess. Det er ei gåte for Noregs Mållag at styresmaktene ikkje har prioritert dette i 2018.

Valet av fylkesnamn har store konsekvensar. Namna er ikkje berre namn på fylkeskommunar, men er inndelingsnamn som går inn i allmenn språkbruk og som kan bli ståande i fleire hundre år. Landsmøtet i Noregs Mållag meiner difor det er særskild viktig at Stortinget no tek styringa over prosessen og syter for ei forsvarleg saksførehaving.

3 LANDSMØTET I NOREGS MÅLLAG KREV MEIR NYNORSK I NYE KOMMUNAR OG FYLKE

119 kommunar skal slåast saman til nye, større kommunar. Sju av samanslåingane er mellom ein nynorskkommune og kommunar som er rekna som bokmålskommunar eller språknøytrale kommunar. Landsmøtet i Noregs Mållag krev at desse kommunane får ekstra støtte til å fylgje opp ansvaret sitt med å take vare på nynorsken.

Språkbruken i kommunane har mykje å seie for den språklege framtida for nynorsken. Når tidlegare nynorskkommunar vert slegne saman med kommunar med mindre nynorsk, må den nye kommunen halde fram med å bruke nynorsk og ha ein medviten språkpolitikk. Dette er særleg viktig for nynorsken

og nynorskbrukarane, som er i mindretal nasjonalt og i mange tilfelle kan verte i mindretal i den nye kommunen. Språkarbeidet i ein kommune krev arbeidstid, kurs og investeringar, men i større mon gode rutinar og språkleg medvit. I desse kommunane trengst det også ei særleg satsing og ekstra støtte frå staten si side.

I fleire av fylkessamanslåingane ser me at nynorsken kjem i små mindretal. Dette gjeld fylke der nynorsken allereie har eit sterkt bokmålspress, og det vert ekstra viktig å sikre nynorsken i respekt for mindretalet i dei nye fylka.

Landsmøtet i Noregs Mållag vil trekkje fram tre tiltak Kommunal- og moderniseringsdepartementet kan setje i verk for å stø kommunane og fylka som står midt i samanslåingsarbeidet. Tiltaka vil vere med på å sikre at nynorsken ikkje kjem svekt ut av kommunesamanslåingane, som var eit krav frå kommunal- og forvaltningskomiteen på Stortinget då kommunereforma vart handsama:

1. Eigne samlingar for nye kommunar og nye fylke for å sikre tenleg nynorskbruk etter samanslåing.

For å sikre at fellesnemndene, kommunestyra og fylkestinga planlegg for å sikre nynorsken både i administrasjonen, informasjonen til innbyggjarane og i drift til dømes knytt til skulen, kan slike samlingar avklare problemstillingane og korleis ein praktisk løyser dei.

2. Økonomisk støtte for å sikre gode overgangsordningar og ordningar for nynorsken

Stortinget har løyvd pengar til overgangsordningar for kommunane og fylka. Det bør også stillast midlar til rådvelde for å lage og setje i verk språkbruksplanar, kurse tilsette og sikre midlar til at nynorskelevane ikkje vert råka av samanslåingane.

3. Utgreiing for å sikre gode nynorskkommunar i framtida

Kommunal- og regionaldepartementet bør lage ei utgreiing som ser om det er mogleg å innføre eit tydelegare regelverk, tydelegare rettar og planverk, og politikk rundt det å vere ein nynorskkommune. Regelverket bør innehalde fleire statlege gode for å vere ein nynorskkommune, og medføre tilsyn for å sjå til at innbyggjarane får oppfylt rettane sine.

4 MÅLLAGET KREV DIGITALE LÆRINGSVERKTØY PÅ NYNORSK

Ei av hovudoppgåvene skulen har, er å gjera elevane til trygge språkbrukarar. Det er viktig at elevane møter språket sitt heile tida, særleg i den fyrste lese- og skriveopplæringa. Nynorskelevane må møte like mykje nynorsk i den digitale skulekvardagen som dei gjer i den analoge. Tradisjonelle læreverk er i ferd med å bli bytte ut med eit mangfald av digitale læringsressursar og oppslagsverk. Fleire av desse vil koma i staden for tradisjonelle læreverk. Kunnskapsdepartementet må ta hovudansvaret for at også dei digitale læringsverktøya blir tilgjengelege på nynorsk.

Det utdaterte skiljet mellom læreverk og tilleggsressursar må opphevast. Difor må også digitale tilleggsressursar bli omfatta av prinsippa i opplæringslova. Det står i forskrift til opplæringslova kapittel 17 at også digitale læreverktøy skal koma på den målforma eleven ynskjer. Det er ingen grunn til at dette ikkje skal gjelda digitale læringsressursar. Sjølv om det er pedagogiske føremoner med dei nye verktøya, er det få produsentar som har laga nynorske utgåver av desse nye ressursane. Resultatet er at elevar med nynorsk som hovudmål, møter bokmål langt oftare enn tidlegare. Det strir med gjeldande pedagogiske retningslinjer.

Noregs Mållag krev:

- Om det ikkje finst ei nynorskutgåve av det digitale læremiddelet, skal det ikkje takast i bruk i skulen.
- Kunnskapsdepartementet bør få utarbeidd ein læremiddelportal der skuleeigarar kan finna lovlege læremiddel.
- Kunnskapsdepartementet bør straks fylgja opp skuleeigarane med eigne tilsyn.
- Prinsippa for språk i alle læremiddel må vidareførast i den nye opplæringslova. Alle læremiddel som er i bruk i skulen, skal koma i nynorsk- og bokmålsutgåve. Kontorstøtteprogram og operativsystem skal finnast på begge målformer.

5 NYNORSK I LÆRARUTDANNINGA

Noregs Mållag viser til at norskkunnskapane til lærarane er avgjerande for god undervisning i skule og barnehage. Me er difor urolege over situasjonen i dag med svært mange ufaglærte arbeidstakarar i barnehage og skule.

Dei ulike barnehagelærer-, lærar- og lektorutdanningane må syta for at framtidige lærarar har god kompetanse i både nynorsk og bokmål. Dette må også gjelda praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). Slik kompetanse er også viktig for lærarar som skal undervisa i andre fag enn norsk, fordi språkopplæring skjer både i barnehagane og i alle timar og i alle fag i skulen. For at lærarstudentane skal få denne kompetansen, må dei få god opplæring i nynorsk og nynorskdidaktikk i utdanninga. Utdanningsinstitusjonane må spesielt leggje til rette for opplæring for at studentar som har hatt fritak, får tilstrekkeleg opplæring i dette i løpet av utdanninga si.

Også lærar- og lektorstudentar utan norsk i fagkrinsen skal kunna nynorsk. For å sikra opplæringa til nynorskelevane i alle fag må både matematikklærarar og samfunnsfaglærarar kunne læra bort faget sitt på nynorsk. Derfor må også desse studentane få opplæring i nynorsk i lektorutdanninga, og få innsikt i den nynorske fagterminologien. Alle lektorstudentane må også kjenna til språksituasjonen og dei språklege rettane til elevane.

Noregs Mållag meiner at det ikkje skal kunna gjevast fritak for vurdering i sidemål i lærar- og lektorutdanninga. Skulemål og språkopplæring er ein for viktig del av kvardagen til nyutdanna lektorar. Vitnemåla frå lektorutdanningane skal syna to norskkarakterar, éin i nynorsk og éin i bokmål. Nokre lærestader bør få eit nasjonalt eller eventuelt regionalt ansvar for etterutdanning av lærarar i nynorsk. Ein må då sikra tilgang til etterutdanning i aust, vest, midt- og nord.

6 SLEPP NYNORSKEN TIL I DAGBLADET!

Noreg er eit samfunn med eit sterkt språkleg og kulturelt mangfald. Dersom Dagbladet ønskjer å spegle dette mangfaldet, må avisa sleppe nynorsken til på redaksjonell plass.

Nynorsk og bokmål er jamstilte språk i Noreg. Det er over ein halv million nynorskbrukarar i Noreg, og endå fleire som har nynorsk som sidemål. Talet på nynorske språkbrukarar er langt høgare enn opplaget til Dagbladet, som i dag er den fjerde største avisa her til lands. Likevel er det i 2018 framleis forbod mot å skrive nynorsk på redaksjonell plass i avisa. Mens landets største avis, VG, har sleppt nynorsken til i spaltene sine og på nettsida si, tviheld Dagbladet på forbodet mot eitt av dei to norske språka. Det er ein praksis som diskriminerer både lesarane og dei nynorskspråklege journalistane.

Forbodet mot nynorsk bryt også med Dagbladet sin eigen tradisjon. Avisa vart danna i miljøet rundt journalisten, diktaren og målmannen Aasmund Olavsson Vinje, og var i mange år kjend som landets

viktigaste radikale kulturavis. Dagbladet har på leiarplass tatt til orde for obligatorisk sidemålsundervisning i Noreg, også i dei seinare åra. Det viktigaste Dagbladet kan gjere for å styrkje sidemålsundervisninga, er å gjere nynorsk og bokmål til jamstilte språk i eigne spalter. Avisa kan då bidra til å auke den språklege toleransen og den språklege sjølvkjensla her til lands. Gjennom å gje nynorsken plass i spaltene, ville Dagbladet synt at dei er ei ekte riksavis, ikkje ei lokalavis for Oslo.

Det er over ein halv million gode grunnar til å sleppe nynorsken til på redaksjonell plass i Dagbladet. For ei moderne avis i eit demokratisk samfunn er det ingen gode grunnar til å la vere.

7 STOPP DOMENETAPET I AKADEMIA

For å sikre at norsk held fram å vere det dominerande språket i Noreg er det viktig å styrke stillinga til norsk språk på mange område. Eit av dei viktigaste områda å hindre dette domenetapet på er akademia.

Det er viktig å kunne tenke, forske og formidle på morsmålet sitt. Universitet og høgskular i Noreg utdannar ungdom som skal ut i arbeidslivet både innanfor og utanfor akademia. For at sjukepleiarar, lærarar, juristar, journalistar og sosialarbeidarar skal vere trygge på å gjere jobben sin på norsk, er det viktig at universiteta og høgskulane tar ansvaret dei har for norsk språk på alvor. Universiteta og høgskulane skal danne og bu studentane på å bli demokratiske deltakarar og gode språkbrukarar i det norske samfunnet.

Utdanningsinstitusjonane må også ta språkrettene til studentane på alvor. At fleire universitet og høgskular systematisk nedprioriterer nynorsk og bryt både mållova og eksamensforskrifta, gjer ikkje studentane til trygge språkbrukarar. Studentar må bli trygge brukarar av fagspråk både på nynorsk og på bokmål. I fag der pensum er på engelsk, skal utdanningsinstitusjonane tilby norskspråkleg støttmateriell. Vidare vil Noregs Mållag peika på at der det blir undervist og forska på norsk språk, historie, samfunnsliv, folkeminne og rettsvitskap, er det særleg viktig at ein held fast ved og utviklar ein norsk fagterminologi. Forsking som vert gjord i desse faga må i sin heilskap vera tilgjengeleg for ålmenta på norsk. Men òg innanfor realfaga er dette viktige mål å streva etter. Særleg er fag som geologi og biologi avhengige av nær kontakt med ålmenta for si faglege utvikling.

Etter universitets- og høgskulelova har utdanningsinstitusjonane eit ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk. Utan eit norsk fagspråk blir ikkje forskinga tilgjengeleg for ålmenta, og institusjonane oppfyller ikkje dette samfunnsoppdraget. Når forskning blir viktigare enn utdanning og formidling, blir norsk fagspråk svekt. Derfor må forskarane få uttelling for å skrive pensumbøker og drive med forskingsformidling på norsk, slik at dette arbeidet blir høgare prioritert.

Noregs Mållag meiner:

- Teljekantsystemet må endrast, slik at forskarar får insentiv til å utarbeide norsk fagspråk og pensumlitteratur.
- Studentar skal møte meir norsk pensumlitteratur. I fag der pensumlitteraturen er på engelsk, skal det finnast støttmateriell på norsk.
- Profesjonsutdanningane må lære studentane å gjere jobben sin på det språket dei skal møte brukarane på.
- Utdanningsinstitusjonane skal møte sanksjonar ved brot på mållova eller eksamensforskrifta.
- Undervisings- og opplæringspråket fram til og med bachelornivå ved norske universitet og høgskular skal halde fram med å vere norsk.
- Norsk skal halde fram å vere administrasjonsspråk ved universitet og høgskular.

8 HELSEFØRETAKA BRYT MÅLLOVA

Folk som blir pasientar, får ikkje svar på nynorsk. Det dataadministrative systemet som vert nytta av helseføretaka, sikrar ikkje at pasientar får svar på skriftspråket sitt. Heller ikkje informasjonen til Helsedirektoratet om fritt behandlingsval på Helsenorge.no sikrar dette. Pasientar og andre som nyttar seg av desse tenestene, kan ofte vere i ein sårbar situasjon og ha andre prioriteringar enn å klage på språkbruken til det offentlege. Difor er det heilt uhaldbart at dagens helsesystem ikkje varetek dei språklege rettane deira.

Skatteetaten klarer det; kvifor klarer ikkje Helsedirektoratet og dei regionale (og lokale) helseføretaka dette?

Staten har ansvar for å ta vare på og halde oppe både nynorsk og bokmål som skriftspråk. Det tydelegaste uttrykket for dette ansvaret er lov om målbruk i offentleg teneste, altså mållova. Landsmøtet i Noregs Mållag krev at helseministeren tek tak i saka og sørgjer for at pasientar får svar på, og møter skriftspråket sitt på nett.

VEDLEGG 3 VEDTAK OM TRYGGE MØTEPLASSAR I NOREGS MÅLLAG

TRYGGE MØTEPLASSAR I NOREGS MÅLLAG

Noregs Mållag sentralt, og alle våre ulike lokale mållag, skal vere ein god stad å engasjere seg. Noregs Mållag skal vere ein trygg organisasjon. Norsk Målungdom deltek vanlegvis på tilskipingar i Mållaget, og vi har eit særleg ansvar for dei unge deltakarane. Alle tillitsvalde, aktive og tilsette har ansvar for å oppføre seg skikkeleg mot kvarandre og møte kvarandre med respekt.

Mot seksuell trakassering

Det skal ikkje vere seksuell trakassering i Noregs Mållag. I likestillingslova vert seksuell trakassering definert som uønskt seksuell merksemd som er plagsam for den som merksemda rår. Det er altså korleis handlinga vert opplevd som avgjer om det er snakk om seksuell trakassering, ikkje intensjonen eller handlinga i seg sjølv.

Varsel om kritikkverdige åtfærd

Det skal vere så enkelt som råd å varsle. Eit varsel kan innehalde mange typar bekymringar, alt frå underslag, grenseoverskridande åtfærd, seksuell trakassering eller andre overgrep. Varsel skal meldast til næraste leiar i lokallaget eller fylkeslaget, og/eller til dagleg leiar i Noregs Mållag. Lagsleiar som tek mot varsel skal alltid varsle dagleg leiar så snart som råd.

Dersom du som leiar eller dagleg leiar tek imot eit varsel, har du ansvar for å undersøkje, så godt som råd er, innhaldet i varselet. Lagsleiar tek kontakt med dagleg leiar og saman vert de samde om kva som skal gjerast. Ut frå innhaldet i varselet tek dagleg leiar saka vidare. Det er viktig å ta omsyn til den svake parten i saka, i tillegg til å sørgje for å få fram og avklare alle sider og syn frå dei involverte i varselet. Leiar og dagleg leiar skal få skulering i korleis ta i mot og undersøkje innhald i varsel.

Handsaminga av varselet skal så langt som råd skriftfestast. Uansett utfall av varselet skal dagleg leiar loggføre saka, slik at ho ligg i arkivet. Reaksjonsmåte må avgjerast ut frå kor alvorleg hendinga er. Det kan vere ein samtale der den aktuelle leiaren eller dagleg leiar gjer det klart kva som er akseptabel åtfærd i Mållaget, og krav om å be om orsaking eller andre reparerande tiltak. Det kan vere informasjon om saka til aktuell valnemnd og tiltak som krev styrevedtak om

utestenging frå fellesarena i organisasjonen som landsmøte og konferansar. Noregs Mållag har ikkje eksklusjonsparagraf. Hendingar som er i strid med norsk lov, vert melde til politiet.

Nokre konkrete tiltak i høve tilskipingar:

1. Ansvarleg leiing. På alle tilskipingar i Noregs Mållag skal det vere rusfrie ansvarlege personar knytte til leiinga og som har eit særleg ansvar for å følgje opp unge medlemmer og medlemmer i Norsk Målungdom. Alle skal få informasjon om telefonnummer til desse ansvarlege.

2. Kjønnsdelte formøte. I høve større tilskipingar som landsmøte og konferansar skal sentrallækken jamleg leggje til rette for kjønnsdelte formøte både for kvinner og menn.

3. Rusfrie alternativ. Det sosiale fellesskapet er viktig i Mållaget. Det er viktig å invitere til tilskipingar utan alkoholbruk, og å ha eit medvite forhold til alkoholbruken på mållagstilskipingar der ein kan kjøpa alkohol. Noregs Mållag betaler ikkje alkohol for tillitsvalde og tilsette.

Trengst det meir detaljerte reglar, eller er det tvil i enkeltsaker, vert det lagt fram for styret i Noregs Mållag til vedtak.

VEDLEGG 4 VEDTAK AV ENDRINGSFRAMLEGG TIL FRÅSEGNER

1 Ny opplæringslov må sikre nynorskelevane

Fremja av:	Vidar Lund
Linern/ paragraf:	Redaksjonelt
Framlegg:	Det er ein feil i fråsegna frå SmiO, linje 33-34. Det er allereie krav om at det trengst berre 10 elevar for å få parallellklasse, spørsmålet er om det må vera 10 elevar att.
Nemndsinnstilling	Redaksjonelt. Innarbeidd i framlegga 2 A–2 C

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Erlend Bakke, Hordaland Mållag
Linern/ paragraf:	33
Framlegg:	Stryk setninga som tek til med "kravet". Set inn denne setninga i staden for: Kravet om at det må vera 10 elevar att i klassen for å skipa parallellklasse, må koma attende.
Nemndsinnstilling	STA, innarbeidd i 2C

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
------------	--------------------------

Linenr/ paragraf:	Line 33-35
Framlegg:	Erstatte line 33-35 med: Det bør vere ein rett å gå i nynorskklasse i alle nynorskkommunar og i dei store byane. I tillegg må kravet som vart fjerna i 2003 innførast igjen. Slik kravet var, hindra det unødvendig utarming av små klassar på skuler med nynorsk som hovudmål. Med dette kravet, må ein i praksis ha minimum 20 elevar i ein klasse for å kunne bruke retten til å opprette parallellklasse.
Nemndsinnstilling	STA, innarbeidd i 2C

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN MOT TRE RØYSTER.

Fremja av:	Redaksjonsnemnda
Linenr/ paragraf:	33, andre setning
Framlegg:	Endre til: Kravet frå 2003 om at det skal vere minst ti elevar att med det opphavlege hovudmålet, bør innførast igjen. Eit slikt krav vil hindre unødvendig utarming av nynorskklassane.
Nemndsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/ paragraf:	Kulepunkt 9 (i framlegget frå styret)
Framlegg:	Endre til: Praksisen der foreldre kan velja ei anna målform i skulebøkene til borna sine enn hovudmålet dei lærer må utgreiast nærare i NOU-en om opplæringslova. Noregs Mållag meiner at dette er ei dårleg ordning for opplæringa i hovudmålet.
Nemndsinnstilling	Framlegget er sendt inn til fråsegna frå styret og er difor ikkje realitetshandsama

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/ paragraf:	Kulepunkt 11 (i framlegget frå styret)
Framlegg:	Endre til: Me bør få attende kravet om rett til å lage paralellklasse, der det måtte vera minst ti elevar att med det opphavlege hovudmålet. Slik kravet var, hindra det unødvendig utarming av små klassar på skular med nynorsk som hovudmål, då ein i praksis må ha minimum 20 elevar i ein klasse for å kunne bruke retten til å opprette parallellklasse.

Nemndsinnstilling	Framlegget er sendt inn til fråsegna frå styret og er difor ikkje realitetshandsama
-------------------	---

2 Mållaget krev digitale læringsverktøy på nynorsk

Fremja av:	Wenche Haugen Havrevoll, Suldal Mållag
Linenr/ paragraf:	Line 5–6
Framlegg:	Endre til: Nynorskelevane må møta like mykje nynorsk i den digitale skulekvardagen som dei gjer i den analoge.
Nemndsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN MOT EI RØYST.

Fremja av:	Hæge Robholt Brunvatnet
Linenr/ paragraf:	7-8
Framlegg:	Endre setninga til: Tradisjonelle læreverker er i ferd med å bli bytt ut med eit mangfald av digitale læringsressursar og oppslagsverk.
Nemndsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN MOT EI RØYST.

Fremja av:	Hæge Robholt Brunvatnet
Linenr/ paragraf:	8-9
Framlegg:	Endre setninga til: Fleire av desse vil kome i staden for tradisjonelle læreverker.
Nemndsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN MOT EI RØYST.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/ paragraf:	Fyrste avsnitt
Framlegg:	Legge til på slutten avsnittet:

	Kunnskapsdepartementet må ta hovudansvaret for at også dei digitale læringsverktøya blir tilgjengelege på nynorsk.
Nemdsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART SAMRØYSTES VEDTEKEN.

Fremja av:	Åsmund Kvifte
Linenr/ paragraf:	Line 13
Framlegg:	Endra "målforma eleven ynskjer" til "nynorsk eller bokmål etter kva eleven ynskjer".
Nemdsinnstilling	STA

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Elise Tørring
Linenr/ paragraf:	Line 14-16
Framlegg:	Endre setninga til: Sjølv om dei digitale læremidlane gjerne har pedagogiske føremoner og såleis er svært populære, er det ein stor utlogepost for apputviklarane å få til parallellutgåver. Det gjer at få produsentar prioriterer å lage desse.
Nemdsinnstilling	STA, innarbeidd i 2-6B

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Redaksjonsnemnda
Linenr/ paragraf:	Line 14-16
Framlegg:	Endre setninga til: Sjølv om det er er pedagogiske føremoner med dei nye verktøya, er det få produsentar som har laga nynorske utgåver av desse nye ressursane.
Nemdsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART SAMRØYSTES VEDTEKEN.

Fremja av:	Klepp Mållag
Linenr/ paragraf:	21
Framlegg:	Alle læremiddel og kontorstøtteprogram som er i bruk i skulen skal koma i nynorsk- og bokmålsutgåve Alternativt: Alle læremiddel som er i bruk i skulen skal koma i nynorsk- og bokmålsutgåve.

	Kontorstøtteprogram og operativsystem skal finnast på begge målformer.
Nemdsinnstilling	STV (det alternative framlegget)

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/ paragraf:	Etter siste avsnitt
Framlegg:	<p>Legge til ei punktliste på slutten som lyd: Noregs Mållag meiner at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Om det ikkje finst ei nynorskutgåve av det digitale læremiddelet, så skal det ikkje takast i bruk i skulen. Dette må også gjelda kontorstøtteprogram og operativsystem. • Kunnskapsdepartementet må få utarbeidd ein eigen læremiddelportal der skuleeigarar kan finna lovlege læremiddel, og straks følgja opp skuleeigarane med eigne tilsyn. • Stortinget bør snarast utvida dagens støtteordningar for å sikra nynorskutgåver av alle dei digitale læremidla.
Nemdsinnstilling	STA, innarbeidd i 2-8C

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Peder Lofnes Hauge
Linenr/ paragraf:	Etter siste avsnitt
Framlegg:	<p>Tre nye kulepunkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kunnskapsdepartementet bør få utarbeidd ein eigen læremiddelportal der skuleeigarar kan finna lovlege læremiddel. • Kunnskapsdepartementet bør straks følgja opp skuleeigarane med eigne tilsyn. • Noregs Mållag meiner at om det ikkje finst ei nynorskutgåve av det digitale læremiddelet, så skal det ikkje takast i bruk i skulen. Dette må også gjelda kontorstøtteprogram og operativsystem.
Nemdsinnstilling	STA, Innarbeidd i 2-8C

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Gudrun Kløve Juuhl
Linenr/ paragraf:	Etter siste avsnitt
Framlegg:	<p>Nye kulepunkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Om det ikkje finst ei nynorskutgåve av det digitale læremiddelet, skal det ikkje

	<p>takast i bruk i skulen.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kunnskapsdepartementet bør få utarbeidd ein læremiddelportal der skuleeigarar kan finna lovlege læremiddel. - KD bør straks følgja opp skuleeigarane med eigne tilsyn. <p>(Flytt det gjeldande kulepunktet på line 20 nedst)</p>
Nemdsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART SAMRØYSTES VEDTEKEN.

5 Stopp domenetapet i akademia

Fremja av:	Hæge Roholdt Brunvatne, Sandefjord og Sandar Mållag og Jørgen Bosoni
Linenr/ paragraf:	På fyrste line
Framlegg:	Endre <i>fortset</i> til <i>held fram med</i> .
Nemdsinnstilling	Redaksjonelt. Ikkje realitetshandsama.

Fremja av:	Helge Ove Tveiten, Austegdelaget
Linenr/ paragraf:	Line 12–13 (i fråsegna frå Bærum Mållag)
Framlegg:	<p>Endre punktet til:</p> <p>Språket i den offentleg finansierte skulen til og med vidaregåande skal vera norsk. Klasser oppretta i den offentlege skulen med engelsk som einaste undervisnings- og opplæringspråk, blir opne berre for elevar til foreldre som har engelskspråkleg bakgrunn.</p>
Nemdsinnstilling	STA

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Hæge Roholdt Brunvatne, Sandefjord og Sandar Mållag
Linenr/ paragraf:	Tredje avsnitt
Framlegg:	<p>Endre avsnitt til (endingane er framheva med understreking):</p> <p>Utdanningsinstitusjonane må også ta språkrettane til studentane på alvor. At fleire universitet og høgskular systematisk nedprioriterer nynorsk og bryt både mållova og eksamensforskrifta <u>gjer ikkje studentane til trygge</u> språkbrukarar. Studentar må bli trygge <u>brukarar av</u> fagspråk både <u>på</u> nynorsk og <u>på</u> bokmål. I fag der pensum er på engelsk, skal...</p>
Nemdsinnstilling	Redaksjonelt. Ikkje realitetshandsama.

Fremja av:	Harald Støren, Fylkesmållaget Vikværingen
Linenr/ paragraf:	Avsnitt 3
Framlegg:	Legg til på slutten: <i>Vidare vil Noregs Mållag peika på at det er serleg viktig at ein der det vert undervist og forska på norsk språk, historie, samfunnsliv, folkeminne og rettsvitenskap held fast ved og utviklar ein norsk fagterminologi. Forsking som vert gjord i desse faga må i sin heilskap vera tilgjengeleg for ålmenta på norsk. Men òg innanfor realfaga er dette viktige mål å streva etter. Serleg er fag som geologi, biologi og botanikk avhengige av nær kontakt med ålmenta for si faglege utvikling.</i>
Nemndsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Sigbjørn Hjelmekre og Gudrun Kløve Juuhl
Linenr/ paragraf:	Framlegg til plassering: Etter "...Det norske samfunnet", før "utdanningsinstitusjonane må også..."
Framlegg:	Avsnittet frå Bærum Mållag som startar "vidare vil Noregs Mållag..." og sluttar "...ålmenta på norsk" vert teke inn i fråsegna som ligg til grunn.
Nemndsinnstilling	STA, til fordel for 5-4A

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Jørgen Bosoni
Framlegg:	Punkt a), punkt b), punkt c), punkt d) og punkt e) på s. 29 i Saksheftet skal redigerast inn i framlegget frå Studentmållaget i Tromsø.
Nemndsinnstilling	STA

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Halvor Tjønn og Per Ivar Vaagland, Bærum Mållag og Haldis Hove, Marnar Mållag
Linenr/ paragraf:	Kulepunkta
Framlegg:	Nytt kulepunkt: Språket i den offentleg finansierte skulen til og med vidaregåande nivå skal vera norsk. Klasser oppretta i den offentlege skulen med engelsk som einaste undervisnings- og opplæringspråk, blir avvikla.
Nemndsinnstilling	STA

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Harald Støren, Fylkesmållaget Vikværingen
Linenr/ paragraf:	
Framlegg:	Legg til: <i>Noregs Mållag krev at utdanningsinstitusjonane etterlever Universitets- og Høgskulelova av 2005, slik ho er vedteki av Stortinget. Paragraf 1-7 av lova sleg fast at «Universitets- og høyskoler har ansvar for vedlikehold av norsk fagspråk.» Vi bed Kunnskapsdepartementet setja i verk sanksjonar mot institusjonar som ikkje fylgjer norsk lov slik ho er nedfeld i Universitets- og høgskulelova.</i>
Nemndsinnstilling	STA

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

6 Fråsegn

Fremja av:	Odda Mållag
Linenr/ paragraf:	Revidert tekst til fråsegn 6
Framlegg:	<p>Til Den norske Regjering v/ kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner.</p> <p>ETTERLYSNING FRÅ LANDSMØTET I NOREGS MÅLLAG OM SPRÅKDELING I UNGDOMSKULEN.</p> <p>22.november 2016 vedtok Stortinget å be Regjeringa utgreia og leggja fram sak for Stortinget som kan sikra elevar på ungdomstrinnet rett til opplæring på hovudmålet, slik det er lovfesta på barnetrinnet (jfr. Innst. 68 S (2015-2016). Heile Kyrkje-, utdannings- og forskningskomiteen merka seg at regjeringa ville utgreia trongen for og kostnadene ved å innføra ei ordning som tilsvarar Odda-modellen nasjonalt i løpet av våren 2017.</p> <p>Regjeringa har enno ikkje utgreidd saka eller lagt ho fram for Stortinget. På Noregs Mållag sitt landsmøte i Vinje 13.april 2018 kunne heller ikkje statsråd Jan Tore Sanner seia noko om når svaret frå departementet kjem, slik både komiteen og eit samla Storting har bede om.</p> <p>Landsmøtet i Noregs Mållag vil peika på at saka snart er eitt år på overtid. Landsmøtet krev difor at Regjeringa legg denne saka fram for Stortinget snarast råd - seinast i vårsesjonen 2018.</p>
Nemndsinnstilling	STA

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Kjetil Aasen
Linenr/ paragraf:	Saksopplysing
Framlegg:	Eit dokument 8-framlegg er eit representantframlegg og kan ikkje leggjast fram av regjeringa.
Nemdsinnstilling	Ikkje realitetshandsama

Vedtak:

Innstillinga om at fråsegnen fell til fordel for fråsegn nummer 2, vart vedteken.

7 Nynorsk i lærarutdanninga

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/ paragraf:	første avsnitt, siste setning
Framlegg:	Endre setninga til: Me er difor urolege over situasjonen i dag med svært mange ufaglærte arbeidstakarar i barnehage og skule.
Nemdsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/ paragraf:	Andre avsnitt
Framlegg:	Legge til setningar etter «... alle timar og i alle fag.»: For at lærarstudentane få denne kompetansen, må dei få god opplæring i nynorsk og nynorskdidaktikk i utdanninga. Utdanningsinstitusjonane må spesielt legge til rette for opplæring for studentar som har hatt fritak, får tilstrekkeleg opplæring i dette i løpet av utdanninga si.
Nemdsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/ paragraf:	andre avsnitt, første setning

Framlegg:	Endre setninga til: Dei ulike barnehagelærer- og lektorutdanningane må syta for at framtidige lærarar har god kompetanse i både nynorsk og bokmål.
Nemdsinnstilling	STA, innarbeidd i 7-3 B

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Redaksjonsnemnda
Linern/ paragraf:	andre avsnitt, første setning
Framlegg:	Endre setninga til: Dei ulike barnehagelærer-, <u>lærer</u> - og lektorutdanningane må syta for at framtidige lærarar har god kompetanse i både nynorsk og bokmål.
Nemdsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Wenche Haugen Havrevoll, Suldal Mållag
Linern/ paragraf:	2. avsnitt, 1. setning
Framlegg:	Tillegg (understreka): Dei ulike lektor- og lærerutdanningane, <u>inkludert Praktisk-pedagogisk utdanning (PPU)</u> , må syta for at...
Nemdsinnstilling	STA, innarbeidd i 7-4 B

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Redaksjonsnemnda
Linern/ paragraf:	2. avsnitt, 1. setning
Framlegg:	Tillegg etter 1. setning: Dette må også gjelde PPU.
Nemdsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linern/ paragraf:	andre avsnitt, andre setning

Framlegg:	Endre setninga til: Slik kompetanse er også viktig for lærarar som ikkje skal undervisa i norsk, fordi språkopplæring skjer i både gjennom språkstimulering i leik og alvor i barnehagane og i alle timar og i alle fag i skulen.
Nemdsinnstilling	STA, innarbeidd i 7-5 C

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Jon Ingvald Håbrekke
Linenr/ paragraf:	2. avsnitt, siste setning
Framlegg:	Endre til: Slik kompetanse er også viktig for lærarar som skal undervisa i andre fag enn norsk, fordi språkopplæring skjer i alle timar og i alle fag.
Nemdsinnstilling	STA, innarbeidd i 7-5 C

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Redaksjonsnemnda
Linenr/ paragraf:	2. avsnitt, siste setning
Framlegg:	Endre til: Slik kompetanse er også viktig for lærarar som skal undervisa i andre fag enn norsk, fordi språkopplæring skjer både i barnehagane og i alle timar og i alle fag i skulen.
Nemdsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/ paragraf:	Mellom andre og tredje avsnitt
Framlegg:	Legge til nytt avsnitt: Også lektorstudentar utan norsk i fagkrinsen skal kunne nynorsk. For å sikre opplæringa til nynorskelevane i alle fag må både matematikklærarar og samfunnsfaglærarar kunne lære bort faget sitt på nynorsk. Derfor må også desse studentane få opplæring i nynorsk i lektorutdanninga, og få innsikt i den nynorske fagterminologien. Alle lektorstudentane må også kjenne til språksituasjonen og dei språklege rettane til elevane.
Nemdsinnstilling	STA, innarbeidd i 7-6 B

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Redaksjonsnemnda
Linenr/ paragraf:	Mellom andre og tredje avsnitt
Framlegg:	Som SmiT sitt framlegg, men med understreka tillegg: Også <u>lærer- og lektorstudentar</u> utan norsk i fagkrinsen skal kunne nynorsk. For å sikre...
Nemdsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/ paragraf:	Første setning i siste avsnitt
Framlegg:	Endre første setning i siste avsnitt og legge til to setningar før setninga «Ein eller fleire lærestader....»: Noregs Mållag meiner at det ikkje skal kunne gjevast fritak for vurdering i sidemål i lektorutdanninga. Dette fordi skulemål og språkopplæring er ein så viktig del av kvardagen til nyutdanna lektorar. Vitnemåla frå lektorutdanningane skal syne to norskkarakterar, ein i nynorsk og ein i bokmål. I tillegg må Kunnskapsdepartementet syta for at alle lærarar må få tilbod om etterutdanning i nynorsk.
Nemdsinnstilling	STA, innarbeidd i 7-7 B

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Redaksjonsnemnda
Linenr/ paragraf:	Første setning i siste avsnitt
Framlegg:	Som SmiT sitt framlegg, men med understreka tillegg: Noregs Mållag meiner at det ikkje skal kunne gjevast fritak for vurdering i sidemål i <u>lærer- og lektorutdanninga</u> .
Nemdsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Inger Vederhus
Linenr/ paragraf:	Tredje avsnitt

Framlegg:	Endre avsnittet til: Noreg Mållag meiner difor at alle lærarar må få tilbod om etterutdanning i nynorsk. Ein eller fleire lærestader med lektorutdanning bør få eit nasjonalt ansvar for å sikra nynorsk i barnehage, skule og lektorutdanning. Dei to neste setningane fell bort.
Nemndsinnstilling	Fyrste del av framlegget: STA Framlegget om stryking: STV

INNSTILLINGA OM STRYKING VART VEDTEKEN.

DETTE FRAMLEGGET OG FRAMLEGGET FRÅ JENS HAUGAN UNDER VART SETTE OPP MOT KVARANDRE
FRAMLEGGET FALL TIL FORDEL FOR 7-9.

Fremja av:	Jens Haugan
Framlegg:	Nokre lærestader bør få eit nasjonalt eller eventuelt regionalt ansvar for etterutdanning av lærarar i nynorsk. Ein må då sikre tilgang til etterutdanning i aust, vest, midt- og nord.
Nemndsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

9 Fråsegn

Fremja av:	Knut Vidar Paulsen, Sandefjord og Sandar Mållag
Linenr/ paragraf:	9 Fråsegn
Framlegg:	<i>Fred på og med Moder Jord</i> oversendt på e-post med tekst legges ved årsmøteprotokollen.
Nemndsinnstilling	Ikkje realitetshandsama.

10 Stortinget må ta styring over fylkesnamna

Fremja av:	Hæge Roholt Brunvatne
Linenr/ paragraf:	På tvers av faglege råd og folkeleg engasjement kan landet få nye namn på fylka våre. (I fråsegna frå styret som er trekt)
Framlegg:	Endra til: I strid med faglege råd og folkeleg engasjement kan landet få nye namn på fylka våre.

Nemdsinnstilling	Framlegget kom inn til fråsegna frå styret som er trekt, og er difor ikkje realitetshandsama.
------------------	---

Fremja av:	Hæge Roholt Brunvatne
Linenr/ paragraf:	... før «bordet fangar» på tvers av vurderingar frå fagmiljø. (I fråsegna frå styret som er trekt)
Framlegg:	Endra til: ... før «bordet fangar» i strid med vurderingar frå fagmiljø.
Nemdsinnstilling	Framlegget kom inn til fråsegna frå styret som er trekt, og er difor ikkje realitetshandsama.

Fremja av:	Hæge Roholt Brunvatne
Linenr/ paragraf:	... politiske prosessar som har enda opp med å gå på tvers av alle faglege innspel. (I fråsegna frå styret som er trekt)
Framlegg:	Endra til: ... politiske prosessar som har enda opp med å gå mot alle faglege innspel.
Nemdsinnstilling	Framlegget kom inn til fråsegna frå styret som er trekt, og er difor ikkje realitetshandsama.

Fremja av:	Hæge Roholt Brunvatne
Linenr/ paragraf:	Resultatet er slik Noregs Mållag ser det, at ... (I fråsegna frå styret som er trekt)
Framlegg:	Endra til: Noregs mållag meiner at...
Nemdsinnstilling	Framlegget kom inn til fråsegna frå styret som er trekt, og er difor ikkje realitetshandsama.

Fremja av:	Hæge Roholt Brunvatne
Linenr/ paragraf:	Dette er namn som kan bli... (I fråsegna frå styret som er trekt)
Framlegg:	Endra til: Dei nye namna kan bli....
Nemdsinnstilling	Framlegget kom inn til fråsegna frå styret som er trekt, og er difor ikkje realitetshandsama.

Fremja av:	Hæge Roholt Brunvatne
Linenr/ paragraf:	Etter siste avsnitt
Framlegg:	Tillegg: Det er svært viktig at (nye fylke og?) regionar og kommunar får gode og meningsfylte stadnamn som er like gode namn både for bokmål- og nynorskfolk.
Nemndsinnstilling	STA

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

11 Staten bryt mållova

Fremja av:	Studentmållaget i Bergen
Linenr/ paragraf:	Tittel
Framlegg:	Endre tittel til: "Helseføretaka bryt mållova"
Nemndsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Bergen
Linenr/ paragraf:	Fyrste avsnitt
Framlegg:	Endre 1. avsnitt til: "Pasientar i helseføretaka møter ikkje nynorsken dei har krav på. Systema som vert nytta i dag sikrar ikkje at pasientane får svar på sitt skriftspråk, og på helseportalen Helsenorge.no finn ein lite eller ingen nynorsk."
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist mot èi røyst

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaga i Bergen
Linenr/ paragraf:	Rett etter 1. avsnitt
Framlegg:	Legg til nytt avsnitt etter 1. avsnitt: "Pasientar og andre som nyttar seg av desse tenestene kan ofte vere i ein sårbar situasjon og ha andre prioriteringar enn å klage på språkbruken til det

	offentlege. Difor er det heilt uholdbart at dagens helsesystem ikkje ivaretek dei språklege rettane deira.”
Nemndsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Bergen
Linenr/ paragraf:	Andre avsnitt
Framlegg:	Endre 2. avsnitt til: “Slik skal og treng det ikkje vere. Når andre statlege institusjonar som t.d. Skatteetaten klarer å svare innbyggjarane på deira skriftspråk og nyttar nynorsk på nett bør Helsevesenet og klare det. “
Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist mot éi røyst

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Bergen
Linenr/ paragraf:	Siste avsnitt
Framlegg:	Endre siste avsnitt til: “Landsmøtet i Noregs Mållag krev at helseministeren tek tak i saka og sørger for at pasientar får svar på, og møter sitt skriftspråk på nett.”
Nemndsinnstilling	STV

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

VEDLEGG 5 VEDTAK AV ENDRINGSFRAMLEGG TIL ARBEIDSPROGRAM

Fremja av:	Jon Ingvald Håbrekke, Fosna Mållag
Linenr/ paragraf:	Ålment: redaksjonsnemnda får fullmakt til å gå gjennom arbeidsprogrammet som vert vedteke på landsmøtet med sikte på å omformulere setningar der ordet IKKJE har vore brukt. Målet må vere å fjerne alle dei meir enn 40 tilfella der ordet ikkje har vore brukt.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd til generell språkvask.

Fremja av:	Jens Kihl
Linenr/ paragraf:	1
Framlegg:	Legg til namnet «Nynorsk for alle» på programmet.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom
Linenr/ paragraf:	Framlegg til tittel
Framlegg:	Arbeidsprogram for Noregs Mållag 2018-2022
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd som underoverskrift

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/ paragraf:	18
Framlegg:	Stryk hermeteikna kring "samfunnsberande".
Nemndsinnstilling	Redaksjonelt

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
------------	---

Linenr/ paragraf:	61
Framlegg:	Stryk parantensen kring (betre).
Nemndsinnstilling	Redaksjonelt

Fremja av:	Karmsund mållag
Linenr/ paragraf:	Linje 86 og 87
Framlegg:	Karmsund mållag ber Noregs mållag krevja at Oddamodellen vert gjennomført i spesielt nynorskområde, men og i heile landet, då alle skal meistra baa språka.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Turid Bang, Kvam Mållag
Linenr/ paragraf:	76 – 93
Framlegg:	Endra: «Må» erstatta med «skal»
Nemndsinnstilling	Tilrådd, redaksjonelt

REDAKSJONELT, VIDARESENDT

Fremja av:	Odda mållag
Linenr/ paragraf:	Line 77 ff
Framlegg:	Tillegg til pkt 1 i Hovudprioriteringar Den digitale skulevardagen let seg ikkje realiserast utan at det vert eit lovfesta krav til produsentane at materiellet som vert tilbydd skuleverk og barnehagar. Slik programvara skal føreliggja på nynorsk og bokmål til same pris og tid.
Nemndsinnstilling	Nemnda meiner dette er ivareteke på line 416 – 446.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
------------	--------------------------

Linenr/ paragraf:	Line 83-84
Framlegg:	Endre setninga til: «Det er viktig at ingen slike reformer slår negativt ut for nynorskbrukarane eller for minoritetsspråkbrukarane.»
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke, men flytta til line 224.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Erlend Bakke, Hordaland mållag
Linenr/ paragraf:	91
Framlegg:	Stryk noverande punkt 4, byt det ut med: 4. Opprusting av målbruksreglane og krav om jamstelt språkteknologi Noregs Mållag skal styrkja arbeidet sitt for at statsorgana – særleg institusjonane i utdanningssektoren – etterlever dei gjeldane målbruksreglane. Noregs Mållag skal òg arbeida for å rusta opp målbruksreglane i ei eventuell ny lov. Fordi Noreg er i ferd med å verta gjennomdigitalisert, krev Noregs Mållag at staten syter for jamstelt språkteknologi. Noregs Mållag skal snarast laga ein plan for korleis samskipnaden prioriterer å klaga systematisk og treffsikkert på brot på målbruksreglane. Planen skal omfatta arbeidet i fylkeslaga og vera tilgjengeleg og brukande for lokallag og medlemmer.
Nemndsinnstilling	Innstilt avvist, mot Erlend Bakke si røyst og ei fråhaldande.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Arvid Langeland og Odda Mållag
Linenr/ paragraf:	Line 91-93.
Framlegg:	Eg bed om at formuleringi 'jamstilt språkteknologi' vert stroki gjennomgåande.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist, nemnda meiner det er ivareteke ved å setja inn «språkleg» framfor jamstilt.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Arvid Langeland
Linenr/ paragraf:	s. 2, line 91–93
Framlegg:	Endre andre setning til: I utvikling og bruk av digitalisering må det sikrast på alle aktuelle område at

	nynorsken ikkje vert diskriminert. Subsidiært: Jamstilt språkteknologi vert erstatta av språknøytral datateknologi.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd med endringa: I utvikling og bruk av digitalisering må det sikrast på alle aktuelle område at nynorsken FÅR SIN RETTKOME Plass:

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Håvard Tangen, Vikværingen
Linenr/ paragraf:	s. 2, line 98
Framlegg:	Legg til: "skipa opp att sovande lokallag", slik at setninga vert: I denne perioden skal Noregs Mållag skipa opp att sovande lokallag, skippe fleire lokallag og driva med leiarskulering.."
Nemndsinnstilling	Samrøystes innstilt vedteke.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Fredrik Hope (dissens i styret)
Linenr/paragraf:	94 – 99
Framlegg:	Nytt punkt 5: Noregs Mållag skal byggja ein sterkare organisasjon som stør nynorsken der han finst, og samstundes ryddar nye vegar for nynorsken. I denne perioden skal Noregs Mållag skipa fleire lokallag og driva med leiarskulering, særleg med sikte på meir politisk arbeid i lokallaga.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke, med denne endringa: Ny overskrift: Noregs Mållag skal verta ein sterkare politiske organisasjon

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Harald Støren, Fylkesmållaget Vikværingen
Linenr/ paragraf:	s. 2, line 100
Framlegg:	Nytt punkt under Hovudprioriteringar: Vi må aktivt arbeide for å fremja utviklinga av ein norsk fagterminologi og bruken av norsk mål i universitet og høgskular. Den stendig meir omfattande bruken av engelsk i akademia, med bruken av engelske faguttrykk på stendig fleire område, fjernar den akademiske språkbruken frå språket til resten av folket og gjer forskingsformidling vanskeleg. Vi må krevja at Universitetslova av 2005, som krev vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk (§ 1–7), vert etterlevd av dei akademiske institusjonane, og at det vert iverksett straffetiltak mot dei institusjonane som ikkje fylgjer norsk lov.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Mållaget i Kristiansand, Bygland Mållag, Søgne Mållag, Marnar Mållag, Bykle Mållag, Evje og Hornnes Mållag, Vegårshei Mållag, Gjerstad Mållag, Austegdelaget
Linenr/ paragraf:	103-106
Framlegg:	Endre til: Staten Noreg har i dag ikkje eit eige formulert ynskje om å ta særskild vare på nynorsk, berre å jamstilla han med bokmål. <i>Bokmålet har i dag vorte så dominerande at nynorsk treng eit varig vern i kjerneområda, randsonene og byområde. Målrørsla må difor i større grad enn tidlegare krevja positiv diskriminering i favør av nynorsk.</i>
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist, men tillrådd å ta inn på line 110 setninga : <i>Målrørsla må krevja positiv diskriminering i favør av nynorsk.</i>

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Mållaget i Kristiansand, Bygland Mållag, Søgne Mållag, Marnar Mållag, Bykle Mållag, Evje og Hornnes Mållag, Vegårshei Mållag, Gjerstad Mållag, Austegdelaget
Linenr/ paragraf:	107-110
Framlegg:	Stryk linene
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	SmiO
Linenr/ paragraf:	113
Framlegg:	Endra: Regionar til fylke
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	SmiO
Linenr/paragraf:	114
Framlegg:	/ legg til: «sokalla» framfor «med simpelt fleirtal
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	SmiO
Linenr/paragraf:	115
Framlegg:	Legg til: Det er derimot ikkje mogeleg å snakke om nøytralitet i språkspørsmål. Nøytralitet er ogso eit politisk standpunkt, som diverre alt for ofte i røynda betyr bokmål. Noregs Mållag meiner omgrepet «språknøytral» må bytast ut med «fleirspråkleg» for å synleggjera den norske språkstoda.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Dissens frå Fredrik Hope i styret
Linenr/paragraf:	Line 122:
Framlegg:	Tillegg: Det viser at det er det folkelege kravet om nynorsk som i all hovudsak sikrar nynorskområda, og kor viktig det er at sentrallekken og lokallaga i NM jobbar for å styrkja dette folkelege kravet.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Erlend Bakke, Hordaland Mållag
Linenr/paragraf:	s. 3, line 136
Framlegg:	Tillegg: Kvart organ som er omfatta av målbruksreglane har etter § 1 i forskrift om målbruk i offentleg teneste sjølv "plikt til å syte for at reglane om målbruk i offentleg teneste blir følgde". Konsekvensen er at organet treng tilsette som til dagleg er målbruksansvarlege. Difor krev Noregs Mållag at Kulturdepartementet heimlar det i forskrifta at det ansvarlege organet pliktar å ha stillingsheimlar som peikar ut det målbruksansvaret som ligg til stillingane, til dømes med titlar som målbrukskonsulent og målbrukssjef i Utdanningsdirektoratet.
Nemndsinnstilling	Nemnda stør intensjonen men vil ha det inn som eige punkt på line 156: Samrøystes tilrådd vedteke i denne versjonen: «NM krev at alle statsorgan skal ha eigne tilsette som har til ansvar for å syte for at reglane om målbruk i offentleg teneste vert følgd».

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Oslo
Linenr/paragraf:	149
Framlegg:	Nytt punkt under punkt 1: Selskap der staten eig meir enn 50 % av lutane skal vere underlagt mållova og ei framtidig språklov
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke men inn i line 147 som ny bisetning etter fyrste setning.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN

Fremja av:	Studentmållaget i Bergen
Linenr/paragraf:	Line 151
Framlegg:	Endre setninga til: Statlege nettstadar må veksla 50/50 mellom nynorsk og bokmål på same nettstad.
Nemndsinnstilling	Redaksjonelt

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmålslag
Linenr/paragraf:	154-155
Framlegg:	Endre punktet til: "Noreg treng ei ny språklov som er laga for å få til reell jamstillinga mellom nynorsk og bokmål. For å få til det må språklova fremja nynorsk."
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke, mot Åsmund Kvite si røyst.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Per Thorvald Larsen, Østfold Mållag
Linenr/paragraf:	s. 4, line 156
Framlegg:	Nytt kulepunkt: Noreg treng ein lovparagraf mot språkleg diskriminering av nynorsk.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmålslag
Linenr/paragraf:	156
Framlegg:	Legg til nytt kulepunkt: "Dei to norske språka må få eit vern i grunnlova. Stortinget må grunnlovsfeste ei reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål."
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke i denne versjonen: «Stortinget må grunnlovsfeste ei reell jamstilling mellom nynorsk og bokmål»

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Oslo
Linenr/paragraf:	Line 176
Framlegg:	Leggje til nytt kulepunkt: - Dei nye fylkesstrukturane må heite fylke, ikkje regionar

Nemndsinnstilling	Tilrådd avvist.
-------------------	-----------------

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Nemnda
Linenr/paragraf:	186 – 188 og 192
Framlegg:	Redaksjonelt frå nemnda: Stryk line 186 – 188. Framlegg frå nemnda nytt avsnitt: Line 192: Fjern tenstemål, og parantesteikna.
Nemndsinnstilling	Redaksjpnelt

Fremja av:	Jølster, Luster og Sogn og Fjordane mållag
Linenr/paragraf:	227
Framlegg:	Legg til: «kven av dei offisielle språka», etter folkeregisteret.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke, men endra «kven» til «kva»

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Dissens av Fredrik Hope i styret
Linenr/paragraf:	231 -232
Framlegg:	I registeret skal det òg registrerast kva morsmål den einkilde identifiserer seg med.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/paragraf:	Line 250
Framlegg:	Legge til på slutten av punktet: «Dei burde også jobbe for utviklinga av samisk og kvensk språkteknologi.»
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	SmiO
Linenr/paragraf:	259

Framlegg:	legg til: Produsentar av språkteknologi må sjå på det som eit konkurransefortrinn å bruke nynorsk i produkta sine.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke, men inn på line 245, før nynorsk ordbank

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Ingrid Marie Myklebust, Juristmållaget, Olav Helge Øwre, Noregs Lærarmållag og Øyvind Rongevær, Mållaget i LO-administrasjonen.
Linenr/paragraf:	Line 262
Framlegg:	Overskrifta "Fagrørsla" vert endra til: «Partane i arbeidslivet».
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Oslo
Linenr/paragraf:	263-265
Framlegg:	<p>Ta ut setninga om friviljuge organisasjonar under punktet om fagrørsla under kapittel 3. Sivilsamfunnet, og lage nytt punkt i line 278 under same kapittelet:</p> <p>Friviljuge organisasjonar I Noreg har vi eit breidt spekter av friviljuge organisasjonar. Alle delar av befolkninga, i heile landet, er engasjert i ulike typar lag og foreiningar. Difor vil Noregs Mållag nytte potensialet som ligg i denne sektoren, for å få fleire organisasjonar til å nytte nynorsk, og påverke til at friviljuge kan bruke nynorsk i engasjementet sitt.</p> <p>Noregs Mållag meiner: - Noregs Mållag sentralt og lokalt skal knytta relasjonar til friviljuge organisasjonar, og oppmode til meir bruk av nynorsk</p>
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Ingrid Marie Myklebust, Juristmållaget, Olav Helge Øwre, Noregs Lærarmållag og Øyvind Rongevær, Mållaget i LO-administrasjonen.
Linenr/paragraf:	263-270
Framlegg:	<p>Ny og justert tekst: Å sjå nynorsk i bruk rundt seg er viktig for at det skal vera lettare å bruka nynorsk. Der nynorsk er mykje brukt, har han høgare status. Difor er det viktig at partane i arbeidslivet nyttar nynorsk systematisk. Dei siste åra har Noregs Mållag arbeidd særleg med LO for å bidra til at dei nyttar meir nynorsk i den skriftlege kommunikasjonen sin. Vi har tru på at dette arbeidet er viktig for at arbeidstakarane sin rett til å bruka sitt eige språk i arbeidet sitt. Noregs Mållag vil utvida dette arbeidet med å ta kontakt med dei andre hovudorganisasjonane, både på arbeidsgjevar- og arbeidstakersida. Det er</p>

	viktig at alle organisasjonane ser nytta av å samarbeida for å auka nynorskbruken i arbeidslivet.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

DEN JUSTERTE TEKSTEN VANN MED 102 MOT 59 RØYSTER, MOT NEMNDA SI INNSTILLING.

Fremja av:	Ingrid Marie Myklebust, Juristmållaget, Olav Helge Øwre, Noregs Lærarmållag og Øyvind Rongevær, Mållaget i LO-administrasjonen.
Linenr/paragraf:	Line 266-269
Framlegg:	Stryk/endre/legg til... Flytt line 266-269 "Arbeidstakarar frå.... ...språk" til line 596, Norskopplæring for vaksne innvandrarar.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	273-274
Framlegg:	Stryk kulepunktet om LO.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Terje Kollbotn, Odda Mållag
Linenr/paragraf:	Line 274
Framlegg:	TILLEGGSFRAMLEGG TIL ARBEIDSPROGRAM KAPITTEL 3: <u>Nytt strekpunkt (etter linje 274 om LO):</u> Lokallag og fylkeslag søker, der dette er naturleg, samarbeid med fagrørsla og arbeidsgjevarar for å styrke nynorsken. Gode røynsler blir meldt inn til Noregs Mållag sentralt.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Ingrid Marie Myklebust, Juristmållaget, Olav Helge Øwre, Noregs Lærarmållag og Øyvind Rongevær, Mållaget i LO-administrasjonen.
Linenr/paragraf:	Line 275 (OBSOBS, heng saman med flytteframlegg til line 275-277)
Framlegg:	Framlegg til nytt strekpunkt (i tillegg til strekpunkt 1): - Noregs Mållag oppmodar partane i arbeidslivet om å gje ut dei sentrale avtalene sine på nynorsk.

Nemndsinnstilling	Samrøystes innstilt vedteke
-------------------	-----------------------------

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Ingrid Marie Myklebust, Juristmållaget, Olav Helge Øwre, Noregs Lærarmållag og Øyvind Rongevær, Mållaget i LO-administrasjonen.
Linenr/paragraf:	Line 275-277
Framlegg:	Flytt linene 275-277 til line 600.
Nemndsinnstilling	Samrøystes innstilt vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	291
Framlegg:	Stryk kulepunktet om Tine.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist, til fordel for nytt framlegg 43

INNSTILLINGA VAR VEDTEKEN.

Fremja av:	Einar Schibeavaag
Linenr/paragraf:	Line 291
Framlegg:	Lina går ut og vert erstatta med: Bruken av nynorsk i landbruket sine verksemder bør aukast. Praktiserande bønder med nynorskbruk må ha krav på å få informasjonstilfang med meir på sitt eige språk.
Nemndsinnstilling	Samrøystes instilt avvist, men nemnda innstiller på ny formulering: Samvirkeorganisasjonane, særleg Tine, bør bruke meir nynorsk, både andsynes bøndene og kundane.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Arne Kleppa
Linenr/paragraf:	291
Framlegg:	Stryk line 291, erstatt av to nye strekpunkt: - Nynorskbruken i landbruket sine organisasjonar og verksemder bør auka. - Praktiserande bønder med nynorskbruk, må ha krav på å få informasjons...(uklart), plakatar m.v. på sitt eige språk.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist til fordel for nytt framlegg 43.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	306-307
Framlegg:	Stryk dei to kulepunkta.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	311-312
Framlegg:	Endre "bør" til "skal"
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Mållaget i Kristiansand, Bygland Mållag, Søgne Mållag, Marnar Mållag, Bykle Mållag, Evje og Hornnes Mållag, Vegårshei Mållag, Gjerstad Mållag, Austegdelaget
Linenr/paragraf:	314-324
Framlegg:	Stryk linene.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Oddmund Vestenfor og Herbjørn Brennhovd (Buskerud Mållag)
Linenr/paragraf:	315

Framlegg:	Stryk andre setning og set inn ny setning nr 2: Nordmenn levde side om side med samar for 1000 år sidan.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Øystein Skjæveland
Linenr/paragraf:	Line 345
Framlegg:	Inn på line 345: NM skal arbeida for at det vert skipa ein eller fleire språkreibarnehagar. Det vil seia barnehagar som nyttar nynorsk i alle samanhengar, med sikte på å føra borna inn i nynorsk språktradisjon i skrift og tale. Ein slik barnehage må også sjåast i samband med stoda for skulemålet på staden og rekruttering av nynorsk-elevar. Førearbeidet må omfatta fagleg arbeid og arbeid med finansiering. Her kan ein røkja etter kva vilkår som gjeld for samiske og framandspråklege barnehagar, som det finst fleire av.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Magne Leon Heide Troms og Finnmark mållag
Linenr/paragraf:	Line 349-350
Framlegg:	Siste setning (I tillegg bør dei møta den lokale dialekta i barnehagen) blir tatt ut.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke (ny formulering i framlegg 52)

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Knut Falk, Sunnmøre Mållag
Linenr/paragraf:	350
Framlegg:	legg til nytt punkt mellom line 350 og 351: Administrasjonsmålet i barnehagane, også private, må vere det same som skulemålet.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Magne Leon Heide, Troms og Finnmark mållag
Linenr/paragraf:	Line 353
Framlegg:	Legge til: «Alle ungar skal få <u>møta den lokale dialekta og nynorsk</u> i barnehagen.»

Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke
-------------------	----------------------------

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Anne Liv Steinsvik Nordal
Linenr/paragraf:	359
Framlegg:	Leggje til: Det må kome inn i den nye planen for barnehagelærarstudiet at: Barnehagelærarstudentar skal lære å legge til rette for at alle barnehagar brukar nynorske tekster i formidling og at lokal kultur og talemål er sjølvstøtt i alle barnehagar.
Nemndsinnstilling	Samrøystes innstilt vedteke i denne versjonen: Det må kome inn i den nye planen for barnehagelærarstudiet at: Barnehagelærarstudentar skal lære å bruka nynorske tekster i formidling og at lokal kultur og talemål er sjølvstøtt i alle barnehagar.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Anne Steinsvik Nordal, Volda Mållag
Linenr/paragraf	s. 8, line 359
Framlegg:	Barnehagelærarstudentar skal lære å legge til rette for at alle barnehagar brukar nynorsk i teksten i formidling, og at lokal kultur og talemål vert framheva i alle barnehagar.
Nemndsinnstilling	Ivareteke i førre framlegg

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Arvid Langeland
Linenr/paragraf:	Line 360
Framlegg:	Endre 'toskriftspråkleg' til 'tospråkleg'
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist til fordel fordel: .bør spegel at Noreg har to ofisielle skriftspråk»

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Magne Leon Heide Troms og Finnmark mållag
Linenr/paragraf:	Line 367
Framlegg:	Endre til: «Alle born, og særleg born som skal ha nynorsk opplæringsmål, må møte nynorsk i barnehagen»
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist, ivareteke i line 353.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Suldal Mållag
Linenr/paragraf:	367
Framlegg:	«må» bytast ut med «skal» og legg til «mes»t før nynorsk i barnahagen.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Astrid Olsen, Bergen Mållag
Linenr/paragraf:	Line 376
Framlegg:	Tillegg inn på line 376: Det er eit mål å nå alle fyrsteklasseforeldrar i randsonene, eit halvt år før skulestart, for å få mange fleire til å velja nynorsk som hovudmål når borna tek til på skulen.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Erlend Bakke, Hordaland Mållag
Linenr/paragraf:	s. 8, line 386
Framlegg:	Legg til: For å rekruttera fleire nynorskelevar bør sentrallækken laga materiell som fylkeslaga og lokallaga kan bruka til kurs i nynorsk for doreldre åt førskuleborn og 1. Klassingar inspirert av nynorskкурset for foreldre som Sveio kommune er ansvarlege for.
Nemndsinnstilling	Framlegget tilrådd vedteke, utan den delen av setninga etter førskulebor

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	398
Framlegg:	Legg til nytt avsnitt før avsnittet om røystingar: "Noregs Mållag er ein valkamporganisasjon som skal vinna folkerøystingar om språk i grunnskulen. Noregs Mållag bør arbeida for å finna nye måtar å vinna val på, skulere i tillitsvalde i korleis slike røystingar fungerer og nytta dei digitale moglegheitene som finst betre."
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Øystein Skjæveland
Linenr/paragraf:	Line 403
Framlegg:	Inn på line 403: Noregs mållag skal arbeida for å få til offensive skulemålsrøystingar. For å leggja grunnlaget for eit slikt tiltak skal mållaget, i samarbeid med lokal- og fylkeslag, velja ut nokre stader i landet og leggja ein plan for samordna målarbeid på lang sikt (5 til 20 år). Arbeidet må omfatta barnehagar, grunnskule, organisasjonsliv, kommunal målbruk, næringslivsmål og ålment kulturarbeid. For å velja stader for ei slik satsing må ein sjå på mellom anna kulturtradisjonen på staden, stoda for nynorsk skulemål, styrken i målrørsla lokalt, stoda i lokale media og vilkåra for langsiktig og stabil innsats frå NM sentralt. Både stader i randsona og reine bokmålsområde kan vera aktuelle for ei slik satsing.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

FRAMLEGGET VART TREKT.

Fremja av:	Dissens frå Fredrik Hope i styret
Linenr/paragraf:	Line 404 – 413 nytt framlegg til avsnitt line 399 til 402:
Framlegg:	Endra avsnittet til: Dei fleste nynorskbrukarane er vortne det av di dei hadde nynorsk som hovudmål på skulen. Arbeidet med å tryggja og utvida områda med nynorsk hovudmål er difor grunnleggjande viktig for å halda ved like og styrkja det folkelege kravet om nynorsk. Arbeidet med å vinna nytt land ved offensive folkerøystingar om språk i skulen vil vera kveikjande og skulerande for medlemene, og ein grunn til å engasjera seg. Difor skal sentralleken samarbeida med lokale mållag om å vinna folkerøystingar om språk i skulen. Arbeidet med å vinna dei defensive røystingane bør koma i gang tidleg, og Noregs Mållag skal kveikja og skulera utvalde, viljuge lokallag til å arbeida for offensive røystingar i laupet av perioden.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist. Line 440. Avvist men legg til «koma tidleg i gang» på line 438

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Suldal mållag
Linenr/paragraf:	424
Framlegg:	/ legg til: «til bruk i barnehage og skule» etter opplæringsmateriell. Og «som får statsstønad» etter organisasjonar.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Fredrik Hope dissens i styret
Linenr/ paragraf:	452 - 454
Framlegg:	Dissens frå Fredrik Hope, endra kulepunktet over til: Arbeidet med å vinna defensive folkerøystingar om språk i skulen skal vera høgt prioritert og koma tidleg i gang.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Jon Ingvald Håbrekke
Linenr/paragraf:	427
Framlegg:	Endra «det største språket» til «enn i det mest brukte språket»
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Liv Marit Idsø, Naumdøla Mållag
Linenr/ paragraf:	s. 9, line 433–434
Framlegg:	Stryk desse linene.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Magne Leon Heide Troms og Finnmark mållag
Linenr/paragraf:	Line 444-445
Framlegg:	<u>Stryke</u> ein del ord (strykingane er [<u>understreka</u>]): «Det må utgreiast korleis ein tek i vare nynorskelevane på skular der bokmåselevane er i [<u>stort</u>] fleirtal [<u>og veksande</u>].»
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Marnar Mållag v/Haldis Hove
Linenr/paragraf:	464
Framlegg:	legg til: nynorsk framfor elevane
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	470
Framlegg:	Legg til nye liner på slutten av avsnittet: "Læreplanene vert endra og skrive på nytt ved ulike mellomrom. Når den pågåande læreplanprosessen er over, er det viktig at Noregs Mållag startar tidleg opp med å bu seg og førebyggje framtidige sidemålsstridar i komande læreplanendringar."
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Marnar Mållag v/Haldis Hove
Linenr/paragraf:	473
Framlegg:	Legg til: Nynorsk framfor elevane.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Aust-Agder og Vest-Agder Mållag
Linenr/paragraf:	473
Framlegg:	Endra lina til: Språkvalet til nynorskelevane skal følgja dei ut heile grunnskulen.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Magne Leon Heide Troms og Finnmark mållag
Linenr/paragraf:	Line 477-478
Framlegg:	Endre til: «Lærarar i ungdomsskulen skal undervisa <u>nynorskelevar på nynorsk</u> i alle fag».
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Jon Låte, Vikværingen
Linenr/paragraf:	s. 10, line 486 og side 11, line 503
Framlegg:	Legg til: Lokallag og fylkeslag skal arbeide for å skipa til motivasjonsdag for lærarar som

	underviser i norskfaget.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Odda mållag
Linenr/paragraf:	Line 488 ff
Framlegg:	<p>Elevar på yrkesfag skal halda fram med begge skriftspråka. Dugleik i nynorsk og bokmål skal saman med munnleg dugleik, vera vurderingsgrunnlaget når standpunktkarakteren vert sett. Ved skriftleg eksamen 2.året skal elevane, på same dagen, svara på to jamstelte oppgåver på høvesvis nynorsk og bokmål. Eksamensoppgåva skal innehalda to oppgåver: ei på nynorsk og ei på bokmål. Vurderingskriteria skal vera dei same på nynorsk- og bokmålsdelen.</p> <p>Merknad: Dette framlegget vart sendt til styret før dei kom med det endelege framlegget til arbeidsprogrammet.</p>
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Anne Liv Steinsvik Nordal
Linenr/paragraf:	501
Framlegg:	<p>Endre punktet til: Ekstrapoeng for dei som har nynorsk som hovudmål bør knyttast til større kompetanse i norsk. Då får nynorskelevane dokumentert at dei har større kompetanse i norsk, fordi dei meistrar nynorsk og også bokmål. Nynorskelevane må få høve til å vise at dei har like god kompetanse i bokmål som i nynorsk til eksamen i 10. klasse i ungdomsskulen. Dette kan dei gjere ved å ta same eksamen i norsk hovudmål som bokmåselevane</p>
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

FRAMLEGGSSTILLAR TREKTE FRAMLEGGET.

Fremja av:	Anne Steinsvik Nordal
Linenr/paragraf:	s. 11, line 501
Framlegg:	<p>Dei elevane som har nynorsk som hovudmål, får ekstrapoeng knytt til at dei har større kompetanse i norsk (Nynorskelevane må få dokumentert at dei meistrar nynorsk og bokmål og dermed når måla i læreplanane) - Altså tilbake til jamstelt eksamen i vidaregåande med same vanskegrad i nynorsk og bokmål.</p>
Nemndsinnstilling	Samrøstes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Einar Schibeveag
Linenr/paragraf:	Line 501
Framlegg:	Lina går ut og blir erstatta med: Det blir arbeidd for å få på plass eit forsøk, i eit fylke, med ekstrapoeng for dei som vel nynorsk ved avgangseksamen i vidaregåandeskule
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Jøster, Luster og Sogn og Fjordane Mållag
Linenr/paragraf:	501 – 502
Framlegg:	Endra punktet til: Styret skal greie ut om mogelege konsekvensar av å gje eit ekstrapoeng til elevar som går ut av vidaregåande med nynorsk hovudmål.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Suldal Mållag
Linenr/paragraf:	502
Framlegg:	Legg til: Ei stor og god ordbok av typen «kva heiter det på nynorsk» må koma som digitalt tillegg til nynorskordboka og bokmålsordboka.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	501-506
Framlegg:	<u>Framlegg:</u> Styk punktet om ekstrapoeng til nynorskelevar på VGS. (line 501–502)
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist, mot Åsmund Kvifte si røyst.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Dissens frå Fredrik Hope
Linenr/paragraf:	504 - 506

Framlegg:	Endra kulepunktet over til: Det skal ikkje vera eit ekstrapoeng til elevar som går ut av vidaregåande med nynorsk hovudmål.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Jørgen G. Bosoni Solveig Eldegarg
Linenr/paragraf:	Line 509
Framlegg:	Endring setninga til: Alle lærarar i grunnskulen og vidaregåande <u>er rollemodellar for god norskbruk, og dei er soleis "norsklærarar" uavhengig av kva fag dei underviser i.</u>
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke utan hermeteikn

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Jørgen G. Bosoni, Solveig Eldegard
Linenr/paragraf:	513-514
Framlegg:	Endre setninga til: Det tyder i praksis at institusjonane utdannar mange lærarar, <u>medrekna norsklærarar</u> , som berre kan bokmål.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Magne Leon Heide Troms og Finnmark mållag
Linenr/paragraf:	Line 519
Framlegg:	Legge til: «Lærerutdanningane må difor undervisa i nynorskdidaktikk, <u>både som hovudmål og sidemål.</u> »
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/paragraf:	Line 524
Framlegg:	Dele punktet i to, slik at dei to nye punkta blir: <ul style="list-style-type: none"> ○ «Lærer- og lektorstudentane må få opplæring i nynorsk språk og språkkrettane til elevane. Dei må kunne relevant fagterminologi på nynorsk. ○ Lærer- og lektorstudentane som skal undervise i norsk må få opplæring i nynorskdidaktikk.»

Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke med nemnda sitt tillegg: <u>Studentane på lærar- , lektor- og PPU-utdanningane</u> må få opplæring i nynorsk språk og språkrettane til elevane.
-------------------	---

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Harald Støren, Fylkesmållaget Vikværingen
Linenr/paragraf:	s. 11, line 524
Framlegg:	Endre til: Lærer- og lektorstudentane må få opplæring i nynorsk språk og i nynorsk språk og i nynorskdidaktikk, der samanhengen mellom det nynorske skriftmålet og dei lokale dialektane må stå sentralt.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Suldal Mållag
Linenr/paragraf:	524
Framlegg:	Legg til: Det same må studentar som tek praktisk-pedagogisk utdanning.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist til fordel for nemnda sitt framlegg i framlegg 83

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Astrid Olsen og Bjørg Eli Eide, Bergen og Hordaland Mållag.
Linenr/paragraf:	531
Framlegg:	Legg til: - Alle lærarar må få tilbod om etterutdanning i nynorsk. Ein eller fleire lærestader med lærarutdanning bør få eit nasjonalt ansvar for å sikra nynorsk i barnehage, skule og lærarutdanning.
Nemndsinnstilling	Fyrste setninga er samrøystes tilrådd vedteke. Siste setning er samrøystes tilrådd avvist.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Oslo
Linenr/paragraf:	s. 11, line 531
Framlegg:	Nytt kulepunkt: "Noregs Mållag skal jobba for å knyta tettare band til og påverka lærarorganisasjonane til å vedta best mogleg språkpolitikk i samband med fornyinga av faga og opplæringslova"
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke i denne versjonen: Nytt framlegg: Lærarorganisasjonan skal vedta ein best mogeleg språkpolitkk i

	samband fagfornyninga og ny opplæringlov.
--	---

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Suldal Mållag
Linenr/paragraf:	531
Framlegg:	Legg til: «Nynorsk hovudmål» må inn som tema i rektorutdanninga. (I område der studiet har rektorar frå skular med nynorsk som hovudmål)
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke utan det som står i parantesen.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Harald Støren, Fylkesmållaget Vikværingen
Linenr/paragraf:	s. 12, line 548
Framlegg:	Endre til: Det må opprettast stimuleringsordningar for bachelor-, master-, phd- og dr. philos-avhandlingar.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/paragraf:	Line 552
Framlegg:	Legge til før kommaet: «eller nynorskeksamemar med for dårleg språk»
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Bergen
Linenr/paragraf:	553
Framlegg:	Nytt kulepunkt: I fag der lærebøker, eller undervising er på engelsk skal det finnast norskspråkleg støttemateriell.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållet i Bergen
Linenr/paragraf:	566
Framlegg:	Erstatt kulepunktet med: Universitet og høgskular må fylgja opp språkrådet sin «Vegvisar for språkval i universitets- og høgskulesektoren»
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Harald Støren, Fylkesmållet Vikværingen
Linenr/paragraf:	s. 12, line 572
Framlegg:	Endre til: Publisering på norsk bør verte tilgodesedd med ekstra økonomisk stønad frå staten.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållet i Tromsø
Linenr/paragraf:	Line 579
Framlegg:	Legge til eit nytt punkt: Universiteta og høgskulane må setja av ressursar til å arbeide med å oppfylle krava i mållova.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Magne Leon Heide Troms og Finnmark mållag
Linenr/paragraf:	Line 589-590
Framlegg:	Ei [stryking]: «Det er derfor viktig at dei som buset seg [i nynorskområde] lærer det lokale språket.»
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Karmsund mållag
Linenr/paragraf:	636-637

Framlegg:	Tillegg: Media påverkar! Avisene påverkar og kan snu lokalt, sentralt vedtekne saker. Dei store riksavisene nyttar ikkje nynorsk (Andreas Hompland har slutta i Dagbladet). Karmsund mållag oppmodar Noregs Mållag til å kalla redaktørane inn på teppet, og krevja at dei forpliktar seg til å bruka nynorsk i avsier og digitalt, då dei fleste møter språket i butikken og nyhendesidene digitalt.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Magne Leon Heide Troms og Finnmark mållag
Linenr/paragraf:	Line 636
Framlegg:	Tillegg etter linje 636: « <u>Alle lokalaviser bør òg sleppe til journalistar som ønsker å skrive nynorsk.</u> »
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke, men endring frå bør til burde.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/paragraf:	Line 655
Framlegg:	Legge til ei setning på slutten av punktet: «I samiske område burde filmene bli tilbydde med samisk undertekst.»
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	669
Framlegg:	Endre kulepunktet til: "Sosiale medium, dataprogram og språklæringsappar bør vera tilgjengelege på nynorsk."
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist til fordel for framlegg 101

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Terje Svindseth og Mari Elise Haugen, BUL Oslo
Linenr/paragraf:	line 669
Framlegg:	Ta med ordet dataprogram og appar for å ikkje avgrense arbeidet til sosiale medium. Ny ordlyd: Sosiale medium, appar og dataprogram bør vere tilgjengeleg på nynorsk.
Nemndsinnstilling	Samrøystes innstilt vedteke.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/paragraf:	Line 672
Framlegg:	Legge til ei setning etter den første setning: Det samiske nasjonalteatret Beavváš gjer eit viktig arbeid for å styrke samisk språk, men har lenge slitt med eit falleferdig teaterbygg og jobba for å komme i nytt hus.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/paragraf:	Line 673
Framlegg:	Legge til ei setning: I Nord-Noreg arbeider Hålogaland Teater for å halde på og vidareutvikle nordnorsk talemål.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Tromsø
Linenr/paragraf:	Line 678
Framlegg:	Nytt punkt: Det samiske nasjonalteatret Beavváš må få løyving til eit nytt teaterhus.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållet i Tromsø
Linenr/paragraf:	Line 678
Framlegg:	Nytt punkt (etter det førre punktet vi foreslo på line 678): Arbeidet som lokale og regionale teater gjer for å styrkja talemåla i sine område bør få positiv merksemd.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Mållet i Kristiansand, Bygland Mållag, Søgne Mållag, Marnar Mållag, Bykle Mållag, Evje og Hornnes Mållag, Vegårshei Mållag, Gjerstad Mållag, Austegdelaget
Linenr/paragraf:	692-695
Framlegg:	Endre til: I dag fell ikkje omsett barne- og ungdomslitteratur inn under innkjøpsordninga. Det gjer at <i>nynorskbrukarar får mindre tilgang til litteratur på eige språk i biblioteka enn dei kunne ha fått. For å kompensera for lågare produksjon bør ein kunna kjøpa inn omsett litteratur på nynorsk gjennom innkjøpsordninga.</i>
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Gudrun Kløve Juuhl
Linenr/paragraf:	717 – 720
Framlegg:	Legg til under line 717: Store norske leksikon vert presentert og brukt som ein kunnskapsressurs for skulen, og er eigd av norske universitet. Dimed burde leksikona ha ei språkleg parallellutgåve på nynorsk. Legg til nytt kulepunkt etter 720: NM skal arbeida for å få SNL i nynorsk parallellutgåve.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Fredrik Hope
Linenr/paragraf:	Line 723
Framlegg:	Nytt kulepunkt under kunnskap: SNL skal ha minst 25 % av artiklane sine på nynorsk
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Marianne Granheim Trøyflat
Linenr/paragraf:	line 728
Framlegg:	Dialektane er mange stadar i Noreg under sterkt press. Noregs Mållag vil kartleggje årsakene til dette.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	730
Framlegg:	Legg til avsnitt: "Mange stader vert dei lokale talemåla bytta ut med meir bokmålsnær tale. Dette skjer særleg på Austlandet, der mange av dei tradisjonelle dialektene er i fare for å døy ut. Noregs Mållag skal utvikla ny politikk for å motverka dette, og fleire lokale mållag bør skipa til prosjekt som liknar på prosjektet Hått Halling."
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Studentmållaget i Oslo
Linenr/paragraf:	Line 734
Framlegg:	Endre til: Det er viktig med opplæring som hjelper folk til å sjå samanhengen mellom nynorsk og dialektane.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	734-735
Framlegg:	Stryk kulepunktet om samanhengen mellom dialekt og nynorsk.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Odda mållag
Linenr/paragraf:	Line 744 ff

Framlegg:	<p>Framfor kommune- og stortingsvala i arbeidsprogrambolken skal Noregs Mållag i samarbeid med andre mållag, skipa til møte der målkrava til dei politiske partia vert presenterte.</p> <p>Noregs Mållag skal senda ut målkrava til dei politiske partia i god tid før partia byrjar programarbeidet.</p> <p>Merknad: Dette framlegget vart sendt til styret før dei kom med det endelege framlegget til arbeidsprogrammet.</p>
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Astrid Olsen og Bjørg Eli Eide, Bergen Mållag, Hordaland Mållag
Linenr/paragraf:	Line 746, etter... dei nynorske kjerneområda.
Framlegg:	<p>Legg til: Noregs Mållag i samarbeid med Hordaland Mållag og Bergen Mållag har arbeidd målretta for nynorsken i Bergen med randsoner. Ein prosjektmedarbeidar har vore til stor hjelp i dette arbeidet. Denne samla innsatsen har vore viktig for at nynorsk i dag er på offensiven i Bergen.</p> <p>Noregs Mållag har dei siste to åra støtta dette arbeidet økonomisk, og vil dei neste to åra auka støtta, m.a. avdi Bergen med randsoner vil vera avgjerande for nynorsken i Noreg.</p>
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist, mot Erlend Bakke si røyst.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørkjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	746
Framlegg:	<p>Legg til ei ny setning etter "(...) dei nynorske kjerneområda": «Noregs Mållag har som mål å verta 15 000 medlemmer og skipa ti fleire lag innan utgangen av perioden.»</p>
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist, mot Åsmund Kvite si røyst.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørkjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	751
Framlegg:	<p>Legg til "og unge vaksne" på slutten av setninga, slik at setninga vert: «Hovudmålgruppa for semninara skal vere tillitsvalde og unge vaksne.»</p>
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	755
Framlegg:	Legg til ei setning etter “dei yngre.”: “Det er eit mål for perioden å få fleire unge vaksne som tillitsvalde i organisasjonen.”
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist, ivareteke på line 741/742 og 753-755

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Björg Eli Eide og Astrid Olsen, Hordaland og Bergen Mållag
Linenr/paragraf:	763
Framlegg:	Legg til: Noregs Mållag har merka seg at Bergen kommune i dag er positiv til nynorsk. Kommunen har gjort framtidsretta vedtak for nynorsken. Noregs Mållag er også glad for at Bergen kommune har sagt ja til å skipa Bergenskonferansen for nynorsk 2019. Alt dette er viktig sidan Bergen er vertsbyen for Vestlandet. Bergenskonferansen er ein nasjonal konferanse.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke utan dei to siste setningane.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Øystein Skjæveland
Linenr/paragraf:	Line 768-769
Framlegg:	Framlegg til ny tekst i staden for fyrste setning: Noregs mållag skal arbeida for å styrkja økonomien i organisasjonen og vurderer nye måtar å gje målgåver og halda kontakt med medlemene på. Ulike former for nettsamfunn, mobil-betaling og folkefinansiering kan vera utgangspunkt for nye kontaktmåtar i samskipnaden. Ein mållags-app kunne vera ein sams portal for medlemskontakt, informasjon om tilskipingar, avvikling av kampanjar og for faste eller meir sporadiske målgåver.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Einar Schibevaag
Linenr/paragraf:	771
Framlegg:	<u>Nytt tillegg:</u> Noregs mållag skal ha ein strategi for korleis organisasjonen på best mogleg måte skal utøva oppgåvene sine. Denne skal leggja vekt på aktivsera grunnplanet i organisasjonen. Det må lagast retningsliner for arbeids- og andre godtgjeringar for tilsette og tillitsvalde

	Arbeida fram strategiar for å styrkje økonomien til laget, bruken og rolla dei offentlege løyvingane spelar for alle nivå i organisasjonen. Det blir arbeid for å finne ei alternativ inntektskjelde til kulturlotteriet.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist. Til fordel for denne setninga: «Nynorsken skal arbeida vidare for å styrke økonomien på alle nivå i organisasjonen»

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN. (MED ENDRING FRÅ «NYNORSKEN» TIL «NOREGS MÅLLAG»)

Fremja av:	Knut Falk, Sunnmøre Mållag
Linenr/paragraf:	791
Framlegg:	Legg til: skrivearstova må samordne oversyn over lokallag og medlemmer til målungdomen, og meld dette ut til lokallaga i NM.
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	836 OBS A-FRAMLEGG!
Framlegg:	Legg til denne setninga i starten av avsnittet: "Samskipnaden Noregs Mållag treng eit grundig ideologisk ordskifte."
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist. Ivareteke.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	836 OBS B-FRAMLEGG!
Framlegg:	Legg til denne setninga i starten av avsnittet: "Samskipnaden Noregs Mållag treng eit grundig ideologisk ordskifte om kvifor me arbeider for nynorsken."
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd avvist. Ivareteke.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.

Fremja av:	Norsk Målungdom, Sørfjorden Målungdom, Studentmållaget i Bergen, Studentmållaget i Tromsø og Ås Studentmållag
Linenr/paragraf:	838

Framlegg:	<p>Legg til "(...)slik at medlemmer i Noregs Mållag vert tryggare i å argumentera for nynorsk." i siste setning, slik at setninga blir:</p> <p>"Det er eit mål at arbeidet gjev meir målpolitisk skulering og ordskfite i samskipnaden, slik at medlemmer i Noregs mållag vert tryggare i å argumentera for nynorsken."</p>
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke.

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN..

Fremja av:	Åsmund Kvifte
Linenumr/paragraf:	Line 827
Framlegg:	<p>Ny setning fyrst på line 827:</p> <p>Noregs Mållag skal tilby valnemndsskulering til lokal- og fylkesmållag.</p>
Nemndsinnstilling	Samrøystes tilrådd vedteke

INNSTILLINGA VART VEDTEKEN.